

Innkalling

REPRESENTANTSKAPSMØTE

Søre Sunnmøre Reinholdsverk

Torsdag

20. mai 2021

kl. 10.00

Ulstein rådhus, kommunestyresalen

Innkalling til **representantskapsmøte** i

Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS

torsdag 20.05.2021 kl. 10.00 – Ulstein rådhus

Innkalling til:

- Herøy: Bjørn-Halvor Prytz, Gunn-Lise Voldsund, Tor Sindre Steinsvik og Karl-Oskar Sævik
- Ulstein: Knut Erik Engh, Berit Overvåg Hjorth og Oddvar Gjerde
- Hareid: Bernt Brandal og Kjetil Nesset
- Sande: Olav Myklebust og Anne-Marte Skarmyr Beitveit

Desse sakene er førebudd for handsaming:

Vedtaksaker:

Sak R01/21 Godkjenning av innkalling og sakliste – møtebok

Sak R02/21 Valg av to representantar til å skrive under møteprotokollen saman med leiar (og dagleg leiar) – (Sist: Hallvard Sæverud og Einar Ekroll)

Sak R03/21 Godkjenning av årsrekneskap for 2020, revisor si beretning og handsaming av underskot / overskot – møtebok

Sak R04/21 Godkjenning av eigarmelding for 2020 – møtebok

Sak R05/21 Valg av revisor og godkjenning av honorar til revisor etter rekning – møtebok

Sak R06/21 Styrevalg og fastsetting av styregodtgjersle – møtebok

Forts.

Forts.

Sak R07/21 Oppretting av eiga klagenemnd for SSR

Sak R08/21 Etterkontroll etter selskapskontrollen i SSR

Sak R09/21 Deponiet i Fløstranda og andre deponi i eigarkommunene

Orienteringssaker / eventuelt vedtakssaker:

Sak R10/21 Grovavfall inkludert i gebyret?

Sak R11/21 Omfanget av næring i selskapet

Sak R12/21 Sjølvkostfondet for hushaldningsrenovasjon

Sak R13/21 Orienteringar v/styreleiar og dagleg leiar i SSR

Ulsteinvik, 22.04.2021

Knut Erik Engh
leiar

George Fulford
styreleiar

Innkallinga/saklista vert også sendt til varamedlemmene. Desse får særskild melding dersom dei skal møte. I tillegg vert den sendt til revisor, Jostein Støylen/Vest Kontroll, styret og eigarkommunane.

Søre Sunnmøre Reinholdsverk IKS

MØTEBOK - REPRESENTANTSKAPET

SAK NR R01/21

Møtedato: 20.05.2021

Sakshandsamar: Einar Heimdal

Sak R01/21 – GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE:

Forslag til vedtak er: «Innkallinga og saklista vart godkjend.»

Vedtak, samr.:

Søre Sunnmøre Reinholdsverk IKS

MØTEBOK - REPRESENTANTSKAPET

SAK NR R02/21

Møtedato: 20.05.2021

Sakshandsamar: Einar Heimdal

Sak R02/21 –

VAL AV TO REPRESENTANTAR TIL Å SKRIVE UNDER MØTEPROTOKOLLEN SAMAN MED LEIAR (OG DAGLEG LEIAR):

To representantar skal skrive under møteprotokollen saman med leiar (og dagleg leiar).

Sist (5/11-20) skreiv Hallvard Sæverud (Hareid) og Einar Ekroll (Sande) under protokollen.

Forslag til vedtak er:

«X og X skriv under protokollen saman med leiar Knut Erik Engh (og dagleg leiar)».

Vedtak, samr.:

MØTEBOK - REPRESENTANTSKAPET

SAK NR R03/21

Møtedato: 20.05.2021

Sakshandsamar: Einar Heimdal

Sak R03/21 – GODKJENNING AV ÅRSREKNESKAP 2020, REVISOR SI BERETNING OG HANDSAMING AV UNDERSKOT / OVERSKOT

Det vil bli orientert om talmaterialet på møtet.

Følgande er vedlagt:

- Årsrekneskap 2020 med balanse og notar
- Revisor si beretning

Økonomiske hovudtal frå rekneskapet i 2020:

Hushaldningsrenovasjon – sjølvkostfondet (sjå note 11):

| | |
|---|---------------------|
| Underskot hushaldning (før rentejusteringar og sjølvkostberekningar): | kr 658 000 - |
| Underskot etter rentejusteringar og sjølvkostberekningar: | kr 1 118 000 - |
| Sjølvkostfond pr. 31. desember 2020: | <u>kr 6 477 000</u> |

Næring – eigenkapital (sjå note 12):

| | |
|--|---------------------|
| Overskot næring: | kr 648 000 |
| Renter, etc. og overskot frå næring til anna eigenkapital: | kr 1 079 468 |
| Eigenkapitalen pr. 31. desember 2020: | <u>kr 7 211 116</u> |

For hushaldningsrenovasjonen (sjølvkostområdet) er driftsresultatet / årsresultatet betrakteleg betre enn budsjettet. Dette kjem hovudsakleg av stor inntektsauke på miljøstasjonane, mellom anna på grunn av stor popularitet under pandemien, på lønnskostnader og på finanskostnader. Næring gjekk også greit økonomisk, men slamdelen gjekk på eit resultat som var vel kr 400.000 dårlegare enn budsjettet. Periodisering er ei utfordring på slamdelen, men over eit par år går den omtrent i balanse.

Når det gjeld slamdelen, så er slamtøminga for Hareid og Ulstein eit eige kostpris-/sjølvkost-område, der sjølvkostfondet for private slamavskiljarar ligg hos SSR. For Herøy og Sande blir det som før, m.a.o. eit nullregime, der underskot blir kravd inn frå kommunene og overskot tilbakeført til kommunene. Det same systemet blir nytta

på kommunal kloakk. Der ligg alle sjølvkostfonda hos kommunene og SSR køyrer eit nullregime. Sjå elles note 11 i rekneskapet.

Viktige poeng elles å merke seg:

- Fordelingsnøklane er nøye gjennomgått og kvalitetssikra. I tillegg vart fleire av desse nøklane diskutert og godkjent i høve selskapskontrollen. Fordelingsnøklane vil – som vanleg – bli nøye ettergått i løpet av 2021.
- Næringsomsetnad er viktig for renovasjonsgebyret.
- Både hushaldningsdelen og næringsdelen går bra, sjølv om ein som tidlegare år ser at driftskostnadene med desentraliserte miljøstasjonar held seg høge. Men, alle miljøstasjonane er særst populære blant innbyggjarane – ikkje minst har vi sett dette under koronapandemien – og det er også eit viktig poeng å ta med seg.
- Fraksjonsprisane nedstraums varierte mykje i løpet av 2020.

Styret si tilråding til vedtak:

Representantskapet godkjenner årsrekneskapet for 2020, revisor si beretning og handsaming av underskot / overskot.

Vedtak, samr.:

Årsrekneskap 2020

Søre Sunnmøre Reinholdsværk IKS

Resultatrekneskap
Balanse
Kontantstraum
Notar til rekneskapen

Org.nr.: 987 570 970

Resultatrekneskap

Søre Sunnmøre Reinholdsverk IKS

| Driftsinntekter og driftskostnader | Note | 2020 | Budsjett 2020 | 2019 |
|--|-----------|-------------------|-------------------|-------------------|
| Salsinntekt | | 58 853 574 | 55 598 000 | 55 592 771 |
| Anna driftsinntekt | | 154 057 | 0 | 320 927 |
| Sum driftsinntekter | | 59 007 631 | 55 598 000 | 55 913 698 |
| Varekostnad | | 12 506 352 | 10 926 000 | 12 274 318 |
| Løskostnad | 2, 3 | 23 036 611 | 23 245 000 | 23 235 669 |
| Avskrivning | 5 | 4 763 050 | 4 499 000 | 4 726 464 |
| Annan driftskostnad | 2, 7 | 17 621 312 | 15 650 000 | 14 975 474 |
| Sum driftskostnader | | 57 927 325 | 54 320 000 | 55 211 925 |
| Driftsresultat | | 1 080 306 | 1 278 000 | 701 773 |
| Finansinntekter og finanskostnader | | | | |
| Anna renteinntekt | | 132 438 | 339 000 | 226 282 |
| Anna finansinntekt | | 0 | 0 | 57 000 |
| Annan rentekostnad | | 1 273 036 | 2 213 000 | 2 002 152 |
| Resultat av finansposter | | -1 140 598 | -1 874 000 | -1 718 870 |
| Ordinært resultat før skattekostnad | | -60 292 | -596 000 | -1 017 098 |
| Skattekostnad på ordinært resultat | 8 | 28 240 | 0 | 32 437 |
| Årsresultat | 12 | -88 532 | -596 000 | -1 049 535 |
| Overføring | | | | |
| Avsett til/frå sjølvkostfond | | -1 168 000 | 0 | -1 767 000 |
| Avsett til annan egenkapital | | 1 079 468 | 0 | 717 465 |
| Sum overføringer | | -88 532 | 0 | -1 049 535 |

Balanse

Søre Sunnmøre Reinholdswerk IKS

| Eigedelar | Note | 2020 | 2019 |
|---|------|---------------------------|---------------------------|
| Anleggsmiddel | | | |
| <i>Varige driftsmiddel</i> | | | |
| Tomter, bygningar og annan fast eigedom | 5, 6 | 95 813 989 | 97 207 428 |
| Maskinar og anlegg | 5, 6 | 13 301 584 | 11 656 488 |
| Driftslausøyre, inventar, verktøy, kontormaskinar og liknande | 5, 6 | 3 061 189 | 3 903 582 |
| Sum varige driftsmiddel | | <u>112 176 762</u> | <u>112 767 497</u> |
| <i>Finansielle anleggsmiddel</i> | | | |
| Investeringar i aksjar og partar | 3 | 721 075 | 666 254 |
| Sum finansielle anleggsmiddel | | <u>721 075</u> | <u>666 254</u> |
| Sum anleggsmiddel | | <u>112 897 837</u> | <u>113 433 751</u> |
| Omløpsmiddel | | | |
| <i>Krav</i> | | | |
| Kundekrav | | 2 745 557 | 1 918 013 |
| Opptent inntekt | | 130 300 | 53 900 |
| Andre kortsiktige krav | | 1 699 841 | 1 340 521 |
| Sum krav | | <u>4 575 699</u> | <u>3 312 434</u> |
| <i>Bankinnskott, kontantar o.l</i> | | | |
| Bankinnskott, kontantar og liknande | 4 | 775 195 | 3 231 448 |
| Sum bankinnskudd, kontanter o.l | | <u>775 195</u> | <u>3 231 448</u> |
| Sum omløpsmiddel | | <u>5 350 894</u> | <u>6 543 882</u> |
| Sum eigedelar | | <u>118 248 731</u> | <u>119 977 633</u> |

Balanse

Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS

| Eigenkapital og gjeld | Note | 2020 | 2019 |
|----------------------------------|-------|--------------------|--------------------|
| Eigenkapital | | | |
| <i>Opptent egenkapital</i> | | | |
| Annan egenkapital | | 7 211 116 | 6 131 648 |
| Sum opptent egenkapital | | <u>7 211 116</u> | <u>6 131 648</u> |
| Sum egenkapital | 12 | <u>7 211 116</u> | <u>6 131 648</u> |
| Gjeld | | | |
| <i>Avsetjing til plikter</i> | | | |
| Andre avsetjingar for plikter | 9, 10 | 172 929 | 137 870 |
| Sum avsetjing for plikter | | <u>172 929</u> | <u>137 870</u> |
| <i>Øvrig langsiktig gjeld</i> | | | |
| Gjeld til kredittinstitusjonar | 6, 14 | 93 002 340 | 96 566 140 |
| Sum anna langsiktig gjeld | | <u>93 002 340</u> | <u>96 566 140</u> |
| <i>Kortsiktig gjeld</i> | | | |
| Gjeld til kredittinstitusjonar | | 2 465 352 | 0 |
| Leverandørgjeld | | 3 932 689 | 3 559 035 |
| Betalbar skatt | 8 | 28 240 | 32 437 |
| Skyldige offentlege avgifter | | 1 586 206 | 1 554 701 |
| Sjølvkostfond | 11 | 6 568 000 | 7 736 000 |
| Anna kortsiktig gjeld | 11 | 3 281 859 | 4 259 803 |
| Sum kortsiktig gjeld | | <u>17 862 346</u> | <u>17 141 975</u> |
| Sum gjeld | | <u>111 037 614</u> | <u>113 845 985</u> |
| Sum egenkapital og gjeld | | <u>118 248 731</u> | <u>119 977 633</u> |

Balanse


Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS

Ulsteinvik

Styret i Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS



George Harold Fulford
Styreleiar




Camilla Lovise Storøy
Nestleiar



Anne Margrethe Holstad
Styremedlem




Margareth Leinebø
Styremedlem



Arnljot Muren
Styremedlem



Kjartan Leidulf Grimstad
Styremedlem



Bjarte Uglum
Styremedlem



Einar Heimdal
Dagleg leiar

Indirekte kontantstrøm

Søre Sunnmøre Reinholdsverk IKS

| | 2020 | 2019 |
|---|-------------------|-------------------|
| Kontantstrømmer frå operasjonelle aktivitetar | | |
| Resultat før skattekostnad | -60 292 | -1 017 098 |
| Betalt skatt i perioden | -32 437 | 0 |
| Ordinære avskrivningar | 4 763 050 | 4 726 464 |
| Endring i kundefordringar | -903 944 | 221 639 |
| Endring i leverandørgjeld | 373 654 | -5 284 559 |
| Endring i andre tidsavgrensingspostar | -1 270 701 | 2 646 953 |
| Netto kontantstrøm frå operasjonelle aktivitetar | 2 869 330 | 1 293 400 |
| Kontantstrømmer frå investeringsaktivitetar | | |
| Utbetalingar ved kjøp av varige driftsmidler | -4 172 315 | -4 599 275 |
| Utbetalingar ved kjøp av aksjar og partar i andre føretak | -54 821 | -54 703 |
| Netto kontantstrøm frå investeringsaktivitetar | -4 227 136 | -4 653 978 |
| Kontantstrømmer frå finansieringsaktivitetar | | |
| Innbetalingar ved opptak av ny langsiktig gjeld | 0 | 6 000 000 |
| Innbetalingar ved opptak av ny kortsiktig gjeld | 2 465 352 | 0 |
| Utbetalingar ved nedbetaling av langsiktig gjeld | -3 563 800 | -3 413 800 |
| Netto kontantstrøm frå finansieringsaktivitetar | -1 098 448 | 2 586 200 |
| Netto endring i kontantar og kontantekvivalentar | -2 456 254 | -774 378 |
| Beh. av kont. og kontantekvivalentar ved byrjinga av per. | 3 231 448 | 4 005 826 |
| Beh. av kont. og kontantekvivalentar ved slutten av per. | 775 195 | 3 231 448 |

Noter til rekneskapet 2020

Note 1 Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er satt opp i samsvar med reknekaplova, lov om interkommunale selskap og God rekneskapsskikk for små føretak.

Bruk av estimat

Leiinga har brukt estimat og føresetnadar som har påverka resultatrekneskapen og verdsettinga av eigedelar og gjeld, samt usikre eigedelar og forpliktingar på balansedagen under utarbeiding av årsrekneskapen i samsvar med god rekneskapsskikk.

Salsinntekt

Inntektsføring ved sal av varer skjer på leveringstidspunktet. Tenester inntektsførast i takt med utføringa. Lovpålagte tenester med årlig gebyr, der selskapet fakturerer gebyret direkte til abonnentane, blir inntektsført i perioden det er fakturert.

Klassifisering og vurdering av balanseposter

Anleggsmiddel omfatter eigedelar bestemt til varig eige og bruk. Anleggsmiddel er vurdert til anskaffelseskost. Varige driftsmiddel balanseførast og avskrivast over driftsmiddelet si økonomiske levetid. Omløpsmiddel og kortsiktig gjeld omfattar postar som forfell til betaling innan eit år etter anskaffelsestidspunktet, samt postar som er knytt til varekretsloopet. Omløpsmiddel vurderast til lågaste av anskaffelseskost og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld balanseførast til nominelt beløp på opptakstidspunktet.

Varige driftsmiddel

Varige driftsmiddel nedskrivast til gjenvinnbart beløp ved verdifall som forventast ikkje å vere forbigåande. Gjenvinnbart beløp er det høgaste av nettosalverdi og verdi i bruk. Verdi i bruk er nåverdi av framtidige kontantstraumar knytta til eigedelen. Nedskrivninga reverserast når grunnlaget for nedskrivninga ikkje lenger er tilstades.

Krav

Kundekrav og andre krav oppførast til pålydande etter frådrag for avsetning til forventa tap. Avsetning til tap gjerast på grunnlag av ei individuell vurdering av dei enkelte fordringane. Legalpanten høyrer til kvar av eigarkommunane og vil tre i kraft dersom ein ikkje klarer å krevje inn gebyra ein har til gode mot hushaldningskundar på vanleg måte.

Pensjonsforpliktning

Selskapet har ei offentleg kollektiv pensjonsordning for sine ansatte. Fra og med 2014 er det valgt å ikkje balanseføre nettoppensjonsforpliktning. Innbetalingar til ytelsesbasert pensjonsordning kostnadsførast løpande.

Skatt

Selskapet er skattepliktig for den del av verksemda som er knytt til næringskundar. Skattekostnaden i rekneskapen omfattar betalbar skatt i perioden. Driftsmidla si fordeling er gjenstand for årleg revisjon basert på faktisk bruk. På bakgrunn av variasjon i bruk er det valgt å ikkje bokføre utsatt skatt/skattefordel i rekneskapet då denne lar seg vanskeleg berekne.

Sjølvkostfond

Verksemda som er knytt opp mot hushaldningskundane er regulert av Forureiningslova. I henhold til Forureiningslova § 34 skal kostnadane for desse kundane dekkast fullt ut gjennom gebyrinntektene. I henhold til retningslinjer for berekning av sjølvkost for kommunale betalingstenester utgitt av Kommunal- og Regionaldepartementet, kan over- eller underskot framførast innanfor eit 3- til 5- års perspektiv for å utjevne svingningar i inntekter og kostnader. Det utarbeidast særskilt sjølvkostrekneskap. I balansen klassifiserast akkumulert over- og underskot henholdsvis som kortsiktig gjeld og kortsiktig fordring.

Kontanstrømoppstilling

Kontanstrømoppstilling er utarbeidd etter den indirekte metoden. Kontantar og kontantekvivalentar omfattar bankinnskot.

Noter til rekneskapet 2020

Note 2 Lønskostnader og ytingar, godtgjeringsar til dagleg leiar, styret og revisor

| Lønskostnader | 2020 | 2019 |
|----------------------|-------------------|-------------------|
| Løn | 17 701 929 | 17 873 819 |
| Arbeidsgjevaravgift | 2 783 107 | 2 809 239 |
| Pensjonskostnader | 2 057 964 | 2 014 467 |
| Andre ytingar | 493 611 | 538 145 |
| Sum | 23 036 611 | 23 235 669 |

Selskapet har i 2020 sysselsett 34 årsverk.

Pensjonsforpliktingar

Selskapet er pliktig til å ha tenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tjenestepensjon. Pensjonsordningane til selskapet tilfredsstillar krava i denne lova. Sjå elles note 3.

| Ytingar til leiande personar | Dagleg leiar | Styret | Repr.skap |
|-------------------------------------|---------------------|----------------|------------------|
| Løn | 1 038 950 | 0 | 0 |
| Pensjonskostnader | 20 907 | 0 | 0 |
| Anna godtgjeringsar | 15 007 | 278 768 | 25 101 |
| Sum | 1 074 863 | 278 768 | 25 101 |

Revisor

Godtgjeringsar til revisor er fordelt på følgjande måte:

| | |
|--------------------------------|----------------|
| Lovpålagd revisjon | 70 245 |
| Utarbeiding av årsrekneskap | 16 211 |
| Utarbeiding av likningspapir | 10 807 |
| Andre tenester | 67 660 |
| Sum honorar til revisor | 164 923 |

Noter til rekneskapet 2020

Note 3 Pensjon

Selskapet pliktar å ha tenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tenestepensjon. Pensjonsordningane til selskapet tilfredsstiller krava i denne lova.

Selskapet har ei offentleg kollektiv pensjonsordning for sine ansatte i KLP Forsikring. Del av eigenkapitaltilskotet som er innbetalt av selskapet utgjer pr 31.12.2020 kr 721 075.

Den offentlege tenestepensjonsordninga gir ved full opptening ein alderspensjon som saman med folketrygda sine ytingar utgjer ein samla pensjon på 66% av pensjonsgrunnlaget. Føretaket har også offentleg AFP-ordning for dei ansatte.

Selskapet har pensjonsordningar som omfattar i alt 34 aktive personar og 14 pensjonistar. Ordningane gjev rett til definerte framtidige ytingar. Desse er i hovudsak avhengige av talet på oppteningsår, lønsnivå ved oppnådd pensjonsalder og storleiken på ytingane frå folketrygda. Forpliktingane er dekkja gjennom eit forsikringsselskap. Framtidig pensjonspremie vil påvirkast av avkastning, lønsvekst og utvikling i folketrygda sitt grunnbeløp.

| | 2020 | 2019 |
|--|-------------------|-------------------|
| Netto pensjonskostnad | 2 057 964 | 2 014 467 |
| Utrekna pensjonsforpliktingar per 31.12. | 31 242 400 | 28 118 931 |
| Pensjonsmidlar (til marknadsverdi) per 31.12. | -26 403 759 | -23 603 361 |
| Ikkje resultatført verknad av estimatavvik | -490 911 | -270 021 |
| Arbeidsgjevaravgift | 682 248 | 636 695 |
| Netto pensjonsforplikting (ikkje balanseført) | 5 029 978 | 4 882 244 |

Dei aktuarmessige føresetnadane er basert på vanlege nytta føresetnader innan forsikring når det gjeld demografiske faktorar.

Note 4 Bankinnskot

Midlar på skattetrekkkonto (bundne midlar) er kr 768 117.

Noter til rekneskapet 2020

Note 5 Anleggsnote

| | Tomter, bygningar, m.m | Anlegg under arbeid | Maskiner, anlegg, bilar, m.m | Driftslausøyre, inventar, m.m | Sum varige driftsmiddel |
|--|------------------------------|---------------------------|------------------------------------|----------------------------------|----------------------------|
| Anskaffingskostnad per 01.01.2020 | 116 111 723 | 962 514 | 26 744 739 | 15 434 256 | 159 253 232 |
| Tilgang kjøpte driftsmidler | 910 978 | 778 307 | 3 394 054 | 225 125 | 5 308 464 |
| Avgang driftsmidler | 0 | -921 630 | -214 519 | 0 | -1 136 149 |
| Anskaffingskostnad 31.12.2020 | 117 022 701 | 819 191 | 29 924 274 | 15 659 381 | 163 425 547 |
| Akkumulerte avskrivningar 31.12.2020 | 19 702 763 | 0 | 16 350 787 | 10 679 842 | 46 733 392 |
| Akkumulerte nedskrivningar 31.12.2020 | 1 505 949 | 0 | 1 091 094 | 1 918 350 | 4 515 393 |
| Bokført verdi per 31.12.2020 | 95 813 989 | 819 191 | 12 482 393 | 3 061 189 | 112 176 762 |
| Avskrivningar i år Økonomisk levetid | 2 304 415 0-50 år | 0 | 1 391 117 3-10 år | 1 067 518 5-10 år | 4 763 050 |

Note 6 Gjeld

| | 2020 | 2019 |
|---|-------------------|-------------------|
| Langsiktig gjeld med forfall seinare enn om 5 år | | |
| Gjeld til kredittinstitusjonar | 77 660 940 | 81 782 770 |
| Sum | 77 660 940 | 81 782 770 |
| Årets endring | | |
| Langsiktig finansiering 01.01. | 96 566 140 | 93 979 940 |
| Opptak nye langsiktige lån | 0 | 6 000 000 |
| Betalte avdrag i år | -3 563 800 | -3 413 800 |
| Langsiktig finansiering pr 31.12 | 93 002 340 | 96 566 140 |

Noter til rekneskapet 2020

Note 7 Leasing

Årlig leige av ikkje balanseførte driftsmiddel

| | 2020 | 2019 |
|-------------|------------------|------------------|
| Årets leige | 4 286 698 | 4 188 094 |
| Sum | 4 286 698 | 4 188 094 |

Det er ikkje balanseført leasingforplikting for nokon av leigeobjekta.

Framtidig minimumsleige knytt til ikkje kansellerbare leigeavtalar forfell som fylgjer

| | |
|------------------------------------|-------------------|
| Innen ett år | 4 476 501 |
| Ett til fem år | 6 985 619 |
| Etter fem år | 0 |
| Sum framtidig minimumsleige | 11 462 120 |

Note 8 Skatt

Selskapet er skattepliktig for den del av verksemda som er knytta til næringskundar. Selskapet har ingen mellombelse skilnader pr 31.12.2020

Nedanfor er det gitt spesifikasjon over skilnader mellom rekneskapmessig resultat før skattekostnad og årets skattegrunnlag.

| Utrekning av skattegrunnlaget i år: | 2020 | 2019 |
|--|----------------|----------------|
| Resultat før skattekostnad for næringsverksemd | 595 585 | 630 737 |
| Permanente skilnader | -467 220 | -383 185 |
| Bruk av underskot til framføring | 0 | -100 113 |
| Skattepliktig inntekt | 128 365 | 247 552 |

| | 2020 | 2019 |
|--------------------------|---------------|---------------|
| Betalbar skatt | 28 240 | 32 437 |
| Sum skattekostnad | 28 240 | 32 437 |

Noter til rekneskapet 2020

Note 9 Avsetningar for framtidige forplikningar for deponi på Eidet i Hareid kommune

Selskapet har i henhold til "Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall § 9-15", forplikningar knytta til framtidige miljøkrav relatert til sikring av deponi og anlegg, i ein periode etter at verksemda ved deponiet er avvikla. Selskapet har slike forplikningar knytta til det nedlagte deponiet på Eidet i Hareid kommune.

Etterdriftsansvaret omfattar ei periode på 30 år rekna frå tidspunktet for avvikling av deponering i deponiet. Dette vart avvikla i 2009, og etterdriftsansvaret og kontroll med deponiet varer difor til sommaren 2039, eller til 2045 dersom ein tar utgangspunkt i Fylkesmannen si godkjenning av avslutningsplanen i 2015. Det vil alltid vere usikkerheit knytta til omfanget av kostnader til kontroll og ansvaret elles for deponiet så langt fram i tid. Avsett beløp og framtidige inntekter på deponiområdet gir uttrykk for leiinga sitt beste estimat på tidspunktet for avlegging av årsrekneskapet for 2020.

Inntektene frå aktivitetane med å stå for påsleppspunkt for rejectvatn frå slamtøminga i Ulstein og Hareid og handtering av grein- og hageavfall for Ulstein og Hareid, saman med tidlegare avsetning, har vore kalkulert til å vere nok til å dekke kostnadene med etterdrifta av deponiet.

| | 2020 | 2019 |
|------------------------------|----------------|----------------|
| Avsetjingar frå tidligare år | 137 870 | 137 116 |
| Medgåtte kostnader i året | -54 941 | -89 246 |
| Auka avsetjing i året | 90 000 | 90 000 |
| Avsetjing pr 31.12 | 172 929 | 137 870 |

Note 10 Avsetningar for framtidige forplikningar for den nedlagde fyllplassen i Fløstranda og andre deponi i eigarkommunene

Den nedlagde fyllplassen i Fløstranda og ansvaret for den er under utgreiing. Utgreiinga vil handle om det juridiske oppfølgingsansvaret, det økonomiske etterdriftsansvaret og kven som skal ha det praktiske oppfølgingsansvaret.

Utgreiinga vil også handle om fordeling mellom hushaldning, næring og slam – på den delen som SSR eventuelt får ansvaret for. Det er venta at Ulstein kommune tar ein prosentdel av desse kostnadene.

I tillegg er det gjort ein førespurnad til dei andre eigarkommunene med tanke på ei kartlegging av nedlagde deponi også i desse kommunene.

Det er venta at saka blir lagt fram for representantskapet i mai 2021.

Det er også venta at utbetningskostnadene i Fløstranda får konsekvensar for renovasjonsgebyret og slangebyret for SSR sine abonnentar, men desse er ikkje kjende når årsrekneskapet for 2020 blir avslutta.

Noter til rekneskapet 2020

Note 11 Sjølvkostfond og mellomrekning mot eigarane

Sjølvkostfondet pr 31.12.2020 er positivt med kr 6 568 000. Ved berekning av sjølvkostfondet er inntekter og kostnader i rekneskapet fordelt mellom hushaldning og næring, og gjenspeilar aktiviteten mellom dei to verksemdsområda.

| | Sjølvkostfond slam | Sjølvkostfond hush.avfall | Sjølvkostfond totalt |
|---|--------------------|---------------------------|----------------------|
| Sjølvkostfond 01.01.2020 | 141 000 | 7 595 000 | 7 736 000 |
| Årets resultat overført til sjølvkostfond | -50 000 | -1 118 000 | -1 168 000 |
| Sjølvkostfond 31.12.2020 | 91 000 | 6 477 000 | 6 568 000 |

Slamhandsaming vert utført på vegne av alle eigarkommunene. Inntekter og utgifter knytta til handtering av slam skal inngå i eit eiga sjølvkostområde i kvar av kommunane. Årets over-/underinndekking er difor overført til fordring / gjeld mot Herøy og Sande og utgjør pr 31.12.2020 kr 435 416 (eks. mva) og inngår i anna kortsiktig fordring. Fra og med 01.01.2017 har SSR ansvar for sjølvkostfond for denne tenesta i Ulstein og Hareid.

Resten av anna kortsiktig gjeld består hovudsakleg av opptente, ikkje utbetalte feriepengar og andre påløpte kostnader.

Note 12 Eigenkapital

| | Annan eigenkapital | Sum eigenkapital |
|----------------------------|--------------------|------------------|
| Eigenkapital pr 01.01.2020 | 6 131 648 | 6 131 648 |
| Årets resultat | 1 079 468 | 1 079 468 |
| Per 31.12.2020 | 7 211 116 | 7 211 116 |

Note 13 Innskotskapital og eigarinformasjon

Selskapets eigarfordeling per 31.12.

| Deltakarar | Folketal | Eigardel | Antal i rep.skap | Stemmedel |
|-----------------|---------------|-------------|------------------|-------------|
| Herøy kommune | 8 972 | 35,67% | 4 | 36% |
| Ulstein kommune | 8 430 | 33,52% | 3 | 27% |
| Hareid kommune | 5 189 | 20,63% | 2 | 18% |
| Sande kommune | 2 559 | 10,17% | 2 | 18% |
| Sum | 25 150 | 100% | 11 | 100% |

Stemmeandel gjeld representantskapet som er selskapets øverste organ. Selskapet har ingen innbetalt innskotskapital.

I følge selskapsavtala § 4 skal kvar kommune ha eit medlem for kvar påbegynt 2 500 innbyggjar, medan alle kommunene skal minst ha 2 medlemmar.

Noter til rekneskapet 2020

Note 14 Garantiar

I samsvar med selskapsavtala er deltakarkommunene Hareid, Herøy, Ulstein og Sande utad ansvarleg for selskapet sine samla forpliktingar i forhold til sine respektive eigarandeler.

Note 15 Finansiell marknadsrisiko

Søre Sunnmøre Reinholdsverk IKS nyttar seg ikkje av finansielle instrument med styringa av finansiell risiko.

Renterisiko

Renterisiko oppstår på kort og mellomlang sikt som eit resultat av at selskapets gjeld har flytande rente.

Kredittrisiko

Selskapet har kredittrisiko knytt til kundekrav mot næringskunder. Risiko for at motpart ikkje har økonomisk evne til å oppfylle sine plikter rekna som moderat. Det har historisk sett vært lite tap på krav.

Melding frå uavhengig revisor

Til generalforsamlinga i Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS

Fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen

Konklusjon

Vi har revidert årsrekneskapen til Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS.

| | |
|---|---|
| <p>Årsrekneskapen er samansett av:</p> <ul style="list-style-type: none">• Balanse per 31. desember 2020• Resultatrekneskap for 2020• Notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp. | <p>Etter vår meining:</p> <p>Er årsrekneskapen som følgjer med, gitt i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvisebilete av selskapet si finansielle stilling per 31. desember 2020 og av resultatata for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapskikk i Noreg.</p> |
|---|---|

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta Revisors oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen. Vi er uavhengige av selskapet slik det er krav om i lov og forskrift, og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarlege for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, og for at den gir eit rettvisebilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapskikk i Noreg. Leiinga er òg ansvarleg for nødvendig internkontroll for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til selskapet si evne til å halde fram med drifta og på tilbørleg måte opplyse om forhold av betydning for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen

Vårt mål er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller som ikkje er tilsikta, og å gi ei revisjonsmelding som gir uttrykk for meininga vår. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som



vesentleg dersom den, åleine eller samla, innanfor rimeleg grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

For vidare omtale av revisor sine oppgåver og plikter viser vi til:
<https://revisorforeningen.no/revisjonsberetninger>

Utsegn om andre lovmessige krav

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenkla revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av selskapet sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Andre tilhøve

Budsjettala for 2020 som er presenterte i resultatrekneskapen er ikkje reviderte.

BDO AS

Einar Giljarhus Løkken
statsautorisert revisor
(elektronisk signert)



Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokument signert med "Penneo™ - sikker digital signatur".
De signerende parter sin identitet er registrert, og er listet nedenfor.

"Med min signatur bekrefter jeg alle datoer og innholdet i dette dokument."

Einar Giljarhus Løkken

Statsautorisert revisor

På vegne av: BDO

Serienummer: 9578-5999-4-1754739

IP: 188.95.xxx.xxx

2021-04-08 19:58:13Z



Dokumentet er signert digitalt, med **Penneo.com**. Alle digitale signatur-data i dokumentet er sikret og validert av den datamaskin-utregnede hash-verdien av det opprinnelige dokument. Dokumentet er låst og tids-stemplet med et sertifikat fra en betrodd tredjepart. All kryptografisk bevis er integrert i denne PDF, for fremtidig validering (hvis nødvendig).

Hvordan bekrefter at dette dokumentet er originalen?

Dokumentet er beskyttet av ett Adobe CDS sertifikat. Når du åpner dokumentet i

Adobe Reader, skal du kunne se at dokumentet er sertifisert av **Penneo e-signature service** <penneo@penneo.com>. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke har blitt endret.

Det er lett å kontrollere de kryptografiske beviser som er lokalisert inne i dokumentet, med Penneo validator - <https://penneo.com/validate>

MØTEBOK - REPRESENTANTSKAPET

SAK NR R04/21

Møtedato: 20.05.2021

Sakshandsamar: Einar Heimdal

Sak R04/21 – GODKJENNING AV EIGARMELDING 2020

Det er ikkje lenger krav om ei formell årsmelding frå styret, men styret har som i fjor likevel valgt å utarbeide ei samla årsmelding / eigarmelding. Selskapet sine styringsdokument (jfr. eigarstrategien punkt 5.1) slår fast at styret skal utarbeide ei eigarmelding. Denne skal behandlast av representantskapet og deretter leggst fram for eigarkommunane. Årsmeldinga omfattar difor også ei eigarmelding, sidan begge meldingane inneheld mykje av den same informasjonen.

Eigarmeldinga skal rapportere i høve til gjeldande eigarstrategi og selskapet sin strategi. Eigarmeldingane skal primært vise i kva grad selskapet oppyller eigarane sine forventningar og selskapet sine eigne mål, gi informasjon om planlagde endringar i tenestetilbodet, samt vesentlege endringar i kostnadsnivået for selskapet.

Styret si tilråding til vedtak:

Representantskapet tar SSR si eigarmelding for 2020 til vitande, og ber om at meldinga blir oversendt til eigarkommunane.

Vedtak, samr.:

Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS (SSR)

Org.nr. 987 570 970

EIGARMELDING 2020

1. Styret si samansetting

Styret har fram til 14. mai 2020 bestått av:

George Fulford, styreleiar
Håkon Vestnes, nestleiar
Edel Kvalsund Goksøyr, styremedlem
Margareth Leinebø, styremedlem
Truls Håbakk, styremedlem
Anne Holstad, styremedlem
Ole Andreas Sæther, styremedlem, valgt av og blant dei tilsette

Etter 14. mai 2020 har styresamansettinga vore følgjande:

George Fulford, styreleiar
Camilla Lovise Storøy, nestleiar
Margareth Leinebø, styremedlem
Anne Holstad, styremedlem
Arnljot Muren, styremedlem
Kjartan Leidulf Grimstad, styremedlem
Bjarte Uglum, styremedlem, valgt av og blant dei tilsette

Det har vore 10 styremøter og 64 saker er behandla i 2020.

2. Representantskap

Representantskapet består av politisk valgte representantar frå kvar av dei fire eigarkommunane. Knut Erik Engh er leiar av representantskapet. Det har vore 2 møter i representantskapet i 2020. Selskapet har, utover formelle møter, løpande og god kontakt med selskapet sine eigarar.

3. Oppsummering og kort om verksemda i 2020

Selskapet har ansvaret for innsamling og behandling av hushaldningsavfall frå innbyggjarane i Herøy, Ulstein, Hareid og Sande.

I dei 4 eigarkommunane er det godt over 25 000 innbyggjarar, rundt 11 000 privatabonntar, 37 returpunkt for glas- og metall (der fleire av desse returpunkta har fleire glasigloar) og 4 miljøstasjonar.

Selskapets kjerneverksemd er å gi eit renovasjonstilbod til husstandane. Ansvaret for renovasjon omfattar miljøretta innsamling, sortering, omlasting, transport og avsetnad av hushaldningsavfall i eigarkommunane frå husstandar, returpunkt og miljøstasjonar. Denne delen av verksemda blir gjennomført til sjølvkost, og overskot eller underskot på hushaldningsdelen skal først mot sjølvkostfondet.

Selskapet sitt tilbod omfattar også innsamling, transport og avsetnad av næringsavfall i avgrensa omfang. Denne tenesta inneber ein gunstig påverknad på selskapet si verksemd og medverkar til at selskapet når dei strategiske måla sine. Dette medfører lågare priser for hushaldningar, ikkje minst på grunnlag av meir effektiv bruk av selskapet sine driftsmiddel. Omfanget av næringskundar omfattar, etter styrets vurdering, ingen økonomisk risiko av betydning. Rekneskapsføring knytta til næringskundar blir halde åtskilt frå sjølvkostrekneskapet for hushaldningskundar.

Rekneskapet syner eit årsresultat betre enn budsjettert.

4. Eigarforhold, selskapsform og formål

Søre Sunnmøre Reinholdsværk IKS (SSR) er organisert som eit interkommunalt selskap. Selskapet er eigd av kommunane Herøy, Ulstein, Hareid og Sande.

Selskapet skal oppfylle kommunane sine plikter knytta til hushaldningsavfall etter forureiningslova og gjeldande selskapsavtale. Dette inneber at SSR skal ivareta dei praktiske oppgåvene og pliktene rundt avfallshandtering som kommunane er pålagde. SSR forvaltar og driftar ei lovpålagd verksemd på vegne av eigarkommunane. Denne verksemda er i stor grad underlagt nasjonale og internasjonale krav. Dette er rammebetingelsar som selskapet i liten grad kan påverke. SSR utøver si verksemd med utgangspunkt i Saunesmarka i Ulstein kommune, men utfører elles det praktiske arbeidet med innhenting av avfall over heile området.

Selskapet skal oppfylle eigarane sine forventingar til kostnadseffektiv leveranse av tenester innan miljø og avfall. Selskapet sine strategiske mål er mellom anna knytt til økonomi, miljømål og kundetilfredsheit. Selskapet legg også vekt på å balansere målstyring og ønskjer å optimalisere forholdet mellom miljø, abonnentar og kostnader.

Selskapet sine strategiske mål er:

- Selskapet skal stå for miljøretta innsamling, mottak, sortering, omlasting, transport og gjenvinning av avfall frå hushaldningar.
- Selskapet skal forvalte enkle, brukarvennlege og kvalitetsmessig tilfredsstillande løysingar for abonnentane.
- Selskapet skal søke å realisere nasjonale miljømål og eigarane sine lokale miljømål og klimaplaner.
- Selskapet skal vere ein synleg samfunnsaktør som gjennom kommunikasjon skal vere ein tydeleg og framtidretta haldningsskapar i avfalls-, miljø- og klimarelaterte spørsmål i eigarkommunane.

- Andre strategiske mål går på det store samfunnsansvaret selskapet har i den grunnleggande velferdsproduksjonen i landet, vidare god økonomistyring, satsing på digitalisering og utvikling av organisasjonen.

God kundetilfredsheit og godt omdøme er viktig for SSR. Gjennom selskapet sin kommunikasjon, med grunnlag i eigarstrategi og strategisk plan, er målet mellom anna å formidle kunnskap om kjeldesortering og kvar avfallet hamnar – i tillegg til å formidle kunnskap om avfall som ressurs. Dette er nødvendig for å realisere stadig aukande nasjonale krav til innsamling og behandling av avfall. Avfall er sentralt i den sirkulære økonomien – i «det grønne skiftet».

5. Arbeidsmiljø og likestilling

Selskapet sysselsette i 2020 vel 34 årsverk. Dette er fordelt på 29 fast tilsette og vel fem årsverk for å dekke opp for sjukdom, ferie og anna fråver. I desse tala ligg det også inntak av midlertidig arbeidskraft på grunn av tidvis store avfallsmengder, ferieavvikling, etc. Den daglege drifta er underlagt dagleg leiar Einar Heimdal.

SSR har i 2020 kjøpt bedriftshelsetenester hos Medi 3. Desse er, ved behov, involvert i arbeidet med endringar og forbetringar saman med og i dialog med leinga og tillitsvalde / verneombod – i tillegg til det vanlege bedriftshelsetenestearbeidet.

Totalt sjukefråver utgjer 4,81 % (7,21 % i 2019). 2,32 % (2,38 % i 2019) av dette er korttidsfråver (eigenmeldingar). Langtidsfråveret er på 2,49 % (4,83 % i 2019). SSR har i 2020 ikkje hatt alvorlege personskader knytta til selskapet si verksemd. Styret vurderer situasjonen som tilfredsstillande, men følgjer utviklinga nøye.

Selskapet arbeider kontinuerleg med kompetanseutvikling av selskapet sine medarbeidarar, men ein del av dette måtte settast på vent i 2020. Selskapet legg til grunn at det skal vere likestilling mellom kjønna og det blir praktisert lik lønn for likt arbeid, der ein tek omsyn til alder og erfaring. Av styret sine 7 medlemmer er 3 kvinner. Av selskapet sine 7 tilsette i administrasjonen er 4 kvinner. Renovasjonsarbeidet har tradisjonelt vore eit mannsdominert yrke, spesielt ute på bilane, og dette har ført til at delen kvinner der ikkje er så stor som ein kunne ønske. Styret ønskjer å auke kvinneandelen også på innhentingdelen. Det er ikkje sett i verk spesielle tiltak i samband med likestilling.

Styret legg stor vekt på at arbeidsmiljøet og samarbeidet i selskapet skal vere godt. Koronapandemien gjorde dette ekstra utfordrande i 2020, sidan m.a. interne møteplassar og samankomstar måtte kuttast kraftig i p.g.a. avstandsreglar. Ein får tru at dette kan ta seg oppatt etter ferien i 2021 og ein kan kome meir tilbake til normalen.

6. Miljørapportering

Den daglege verksemda skjer ved ordinær kontorverksemd, arbeid på miljøstasjonar og industriområde, og i stor grad ved transportverksemd. Kontordrifta forureinar ikkje det ytre miljøet.

Selskapet har sjølv ansvaret for innsamling av avfall. Det er eit betydeleg transportinnslag i dette arbeidet. Ved utøving av verksemda blir det stilt krav til gode og rasjonelle transportløyningar, der lågt drivstofforbruk, redusert støy og minimale utslepp blir vektlagt.

Sluttbehandling av innsamla avfall skjer etter konkurranse i marknaden. Her blir det lagt særleg vekt på gode og miljøvennlege løysingar samt optimal ressursutnytting.

SSR har utarbeidd eit eige klimarekneskap for 2020. Her reknar ein om både positiv og negativ miljøpåverknad til CO2-ekvivalentar. Verksemda i selskapet bidrar positivt til reduserte utslepp gjennom utnytting av ressursane i avfallet.

Styret prioriterer aktivt å realisere miljømål som eigarar og samfunn set for selskapet si verksemd. Dette skjer m.a. ved å vidareutvikle kjeldesorteringsordninga som ein tilbyr innbyggjarane.

7. Kundefokus og brukarvennlegheit

Selskapet legg stor vekt på at tenestetilbodet skal vere brukarvennleg, slik at det skal vere enklast mogleg for innbyggjarane å kjeldesortere og ta miljøvennlege valg. Tenestetilbodet i SSR fungerer generelt sett godt, og dei fleste innbyggjarane er flinke til å kjeldesortere. Selskapet meiner likevel at det fortsatt er eit potensial for endå betre sortering i hushaldningane, og driv difor med løpande kampanjar og haldningsskapande arbeid.

I tråd med samfunnsutviklinga og myndigheitene sin politikk, legg selskapet opp til stadig aukande bruk av elektronisk kommunikasjon med kundane. Bruk av papirbasert kommunikasjon blir forsøkt redusert tilsvarande, der dette blir erstatta med web- og mobiltelefonbaserte løysingar.

Å få fram kva avfallet blir til og den store miljøgevinsten ved gjenvinning, er noko selskapet heile tida jobbar med å kommunisere ut til innbyggjarane. Det er avgjerande for motivasjonen til kundane at dei kjenner til heile gjenvinningsprosessen og at dei bidrar til ein stor miljødugnad ved å kjeldesortere. Det skaper også meir forståing for det oppdraget og det arbeidet selskapet gjer. Denne budskapet må vektleggast endå sterkare i framtida.

8. Samfunnsansvar

Selskapet opptrår ansvarleg innanfor område som arbeidsgivarpolitikk, etikk, innkjøp og deltaking i kunnskapsutvikling og utviklingstiltak, samt arbeidstakarrettigheter og antikorrupsjon. Selskapet arbeider aktivt for å fremje likestilling, sikre like moglegheiter og rettigheter, og dermed hindre diskriminering. Selskapet ønskjer på denne måten å oppfylle diskrimineringslova sin intensjon og formålet der, så langt som selskapet kan påverke dette.

Selskapet legg vekt på å bruke leverandørar som fremjar høg etisk bevisstheit. Inngåtte kontraktar blir tett følgde opp for å unngå at sosial dumping føregår hos leverandørane våre. Selskapet har internkontrollsystem som skal søke å førebygge korrupsjon og mislegheiter, og

leiarar skal gå føre og varsle om kritikkverdige tilhøve. Elles skal alle beslutningar gjerast på grunnlag av best muleg ressursbruk. Selskapet har utarbeidd etiske retningslinjer.

9. Økonomi

Renovasjonstenestene som SSR utfører, blir – for hushaldningar – i hovudsak finansiert gjennom renovasjonsgebyr. Det blir ført eit eige sjølvkostrekneskap og eit eige, felles sjølvkostfond for innbyggjarane i eigarkommunene. Renovasjonsgebyret har over tid hatt ei gunstig utvikling. Dette skuldast effektiv drift og og solide bidrag frå næringsdelen i verksemda.

Rekneskapet for 2020 syner eit resultat som er betre enn budsjettert – over kr 500.000. Hovudårsakene til dette er lav rente, god budsjettdisiplin på lønn og høgare inntekter enn budsjettert på miljøstasjonane. Underskotet på hushaldning, inkl. kalkylerenter - og som blir ført mot sjølvkostfondet, er i 2020 på kr 1.168.000. Ved årsskiftet er då sjølvkostfondet for hushaldningar på kr 6.568.000. Av dette er kr 6.477.000 på hushaldningsrenovasjon og kr 91.000 på slamkundane i Ulstein og Hareid.

Overskotet på næring, inkl. renter, hamna i 2020 på kr 1.079.468. Ved årsskiftet er eigenkapitalen i selskapet på kr 7.211.116.

Totale driftsinntekter var i 2020 kr 59.007.631. Dette inkluderer renovasjon for hushaldning og næring pluss slam. Gebyrinntektene på hushaldning var kr 37.504.000, kr 12.515.00 på næring og kr 2.426.000 på slam. Resten av inntektene kjem under postane andre driftsinntekter. Andre driftsinntekter er i hovudsak inntekter frå miljøstasjonane og sal av fraksjonar. Koronapandemien sørga for høge inntekter på miljøstasjonane, medan metall sørga for gode inntekter på sal av fraksjonar. Elles er det fallande inntekter på dei andre fraksjonane. Eit eksempel på dette er papir. Frå at selskapet tente bra på å selje denne fraksjonen, snudde dette i 2020 til at marknadsprisen enkelte månader var nærare kr 500 kr å betale pr. tonn. Dette kjem av at etterspørselen etter returpapir er sterkt synkande.

Når det gjeld etterdrift av nedlagde deponi, er det i note 10 i rekneskapet nemnt at det kan kome framtidige forpliktingar på den nedlagde fyllplassen i Fløstranda og eventuelt andre nedlagde deponi i eigarkommunene. Sidan sakshandsaminga ikkje er ferdig før i mai 2021 og eventuelle vedtak om ansvar ikkje blir gjort før då, er det ikkje tatt inn konkrete tal i rekneskapet for 2021. Men det er forventa at utbetringar på den namngitte fyllplassen vil kunne føre til betydelege kostnader som vil redusere både sjølvkostfondet og eigenkapitalen i selskapet.

Etter styret si meining gir det framlagde resultatrekneskapet og balanse, med tilhøyrande notar, god informasjon om drifta og stillinga ved årsskiftet. Styret vurderer at selskapets økonomiske og finansielle stilling er tilfredsstillande, og at årsrekneskapet gir eit rett bilde av selskapets egedelar og gjeld, finansielle stilling og resultat.

Styret meiner at den forretningsmessige og finansielle risikoen for selskapets verksemd er lav. Det er då også lagt vekt på selskapsforma – som inneber at selskapet sine eigarar har ansvar for selskapet sine forpliktelsar. Føresetnaden for vidare drift er til stades og årsrekneskapet for 2020 er sett opp under denne føresetnaden.

Det har ikkje oppstått forhold etter årsskiftet som har betydning for bedøminga av årsrekneskapet for 2020.

Føresetnaden for vidare drift er til stades og årsrekneskapet for 2020 er sett opp under denne føresetnaden.

10. Framtidsutsikter og planlagde endringar

Strategisk plan er eit viktig verkemiddel i arbeidet med å realisere selskapet sine målsettingar og eigarane sine forventingar. I denne planen er nasjonale og internasjonale føringar tillagt stor vekt, samt at det er eit ønske om å synleggjere krav til selskapet med omsyn til effektivitet, kundetilfredsheit og miljø.

Selskapet vil også ytterlegare styrke arbeidet med å vere ein positiv samfunnsaktør innan det miljøretta arbeidet. Dette er mellom anna tenkt gjennom vidare satsing på informasjon og gjennom samarbeid med eigarkommunane om viktige miljøtiltak. Mellom anna ser ein at tema som marin forureining og anna lokal forureining framleis er viktige område framover.

No når miljøstasjonane er i full drift og innsamlinga av matavfall er i full gang, vil det bli andre utfordringar framover. Arbeidet framover vil handle om moglege nye fraksjonar som kan sorterast ut på miljøstasjonane, digitalisering, meir informasjon og kommunikasjon internt og eksternt, og - ikkje minst - forureiningsproblematikken i naturen. I tillegg kjem utfordringar med nedstraumsløysingar til å vere eit endå større fokusområde i tida framover, der m.a. marknaden tidvis har vanskar med å motta dei store avfallsmengdene som blir produsert i Norge, noko som betyr at prisane går opp for dei fraksjonane vi må betale for.

Etter mars 2020 har utbrotet av koronasmitte (Covid-19) prega både selskapet si verksemd og landet elles. Det er iverksett mange tiltak for å redusere smittefaren og det har vore eit sterkt fokus på å oppretthalde renovasjonsverksemda – som den særskilte tenesten den er i eit velfungerande samfunn.

11. Arbeidsåret 2020

Styret vil rette ein stor takk til selskapet sine medarbeidarar. 2020 har, i periodar og som tidlegare år, vore krevande for dei tilsette på grunn av høge krav til omstilling og effektivitet - og også fordi verksemda berører og engasjerer mange. I tillegg ga koronapandemien ein del utfordringar, m.a. vanskar med interne møteplassar, intern sosialisering og stor pågang på miljøstasjonane.

Signaturar på neste side.

Ulsteinvik, 26. mars 2021




George Fulford
styreleiar



Camilla Lovise Størøy
nestleiar



Margareth Leinebø



Anne Holstad



Arnljot Muren



Kjartan Leidulf Grimstad



Bjarte Uglum



Einar Heimdal
dagleg leiar

3 vedlegg:

- 1. Måloppnåing vedr. avfallsmengder 2020 på hushaldning.**
 - 2. Kundetilfredsheit og utvikling i sjukefråveret.**
 - 3. Klimarekneskap 2020.**
-

Vedlegg 1: MÅLOPPNÅING VEDR. AVFALLSMENGDER 2020 PÅ HUSHALDNING

EU (og dermed også Norge) sine mål for materialgjenvinning (eller høgare i hierarkiet):

| | | | |
|-------------------|-------------------|-------------------|-------------------|
| 2020: <u>50 %</u> | 2025: <u>55 %</u> | 2030: <u>60 %</u> | 2035: <u>65 %</u> |
|-------------------|-------------------|-------------------|-------------------|

SSR sine tal for 2020:

| Nedstrømsløsning: | 2020 i tonn: | 2020 i prosent: | 2019 i tonn: | 2019 i prosent: |
|---|---------------------|------------------------|---------------------|------------------------|
| Ombruk / gjenbruk | 236 tonn | 2,4 % | 257 tonn | 2,9 % |
| Bioenergi | 2421 tonn | 24,2 % | 1712 tonn | 19,2 % |
| Materialgjenvinning | 4599 tonn | 46,0 % | 4249 tonn | 47,6 % |
| Energigjenvinning | 2449 tonn | 24,5 % | 2410 tonn | 27,0 % |
| Deponi | 299 tonn | 2,9 % | 299 tonn | 3,3 % |
| Hushaldningsavfall totalt | 10004 tonn | 100 % | 8927 tonn | 100 % |
| Materialgjenvinning eller høgare i hierarkiet: | 7256 tonn | 72,5 % | 6218 tonn | 69,7 % |

Ombruk/gjenbruk: T.d. at klede, sko, ski, sykklar, møblar, etc. blir brukt oppatt i staden for å bli kasta.

Bioenergi: Avfall som går til produksjon av biogass og flisfyring. Gjeld ikkje biodiesel.


Materialgjenvinning: Plast blir til plast, metall blir til nye metallprodukt, etc.

Energigjenvinning: Avfall blir brent for å produsere fjernvarme og elektrisitet.

Deponi: Avfall som går til deponering, t.d. asbest og porselen.

Vedlegg 2: KUNDETILFREDSHEIT OG UTVIKLING I SJUKEFRÅVERET

Kundetilfredsheit:



Målet er at grada av kundetilfredsheit skal auke for kvart år framover.

Utviklinga i sjukefråveret har vore slik siste åra:

| År: | Totalt sjukefråver: | Korttidsfråver: | Langtidsfråver: |
|------|---------------------|-----------------|-----------------|
| 2012 | 9,56 % | 2,45 % | 7,11 % |
| 2013 | 12,29 % | 2,25 % | 10,04 % |
| 2014 | 9,11 % | 2,05 % | 7,06 % |
| 2015 | 6,79 % | 1,90 % | 4,89 % |
| 2016 | 7,30 % | 2,03 % | 5,27 % |
| 2017 | 5,27 % | 1,86 % | 3,41 % |
| 2018 | 5,08 % | 2,69 % | 2,39 % |
| 2019 | 7,21 % | 2,38 % | 4,83 % |
| 2020 | 4,81 % | 2,32 % | 2,49 % |

Vedlegg 3: KLIMAREKNESKAP 2020

Hushaldning:

Totalt 9994 tonn avfall (inkluderer ikkje 76 tonn på heimekompostering eller 10 tonn innlevert på gjenbrukstorget på miljøstasjonane våre).

25018 innbyggjarar i dei fire kommunane pr. utgangen av 4 kvartal 2020 (tal frå SSB).

Tabell: Totalt utslepp og besparelsar i SSR 2020.

| | Totalt klimautslepp (tonn CO ₂) | | Per innbyggjar (kg CO ₂ / innb.) | |
|---------------------------------------|--|--------------|--|-------------|
| | 2019 | 2020 | 2019 | 2020 |
| Utslepp frå transport | 683 | 638 | 27 | 26 |
| Utslepp frå forbrenning | 1799 | 2225 | 72 | 89 |
| CO ₂ -red. frå forbrenning | -1630 | -1862 | -65 | -74 |
| CO ₂ -red. frå gjenvinning | -7402 | -7893 | -295 | -315 |
| Total CO₂-reduksjon | -6550 | -6892 | -261 | -275 |

Utslepp frå transport (sjå tabell) bidreg til eit relativt lite utslepp på totalt 638 tonn CO₂-ekvivalentar.

Det største utsleppet kjem frå forbrenning av avfall (2225 tonn CO₂-ekvivalentar).

Sparing av miljøet kjem ved energi frå energigjenvinning som erstattar alternative energikjelder (1862 CO₂-ekvivalentar) og materialgjenvinning og ombruk som erstattar framstilling av alternative ressursar (7893 CO₂-ekvivalentar).

For utsorterte fraksjonar er gevinsten gjennomsnittleg på 1,216 tonn CO₂ per tonn avfall.

For restavfallet og grovavfallet er det eit netto utslepp på 0,188 tonn CO₂ per tonn avfall.

Totalt, inkl. næring:

Totalt 14999 tonn avfall (inkluderer ikkje 76 tonn på heimekompostering eller 10 tonn innlevert på gjenbrukstorget på miljøstasjonane våre).

25018 innbyggjarar i dei fire kommunane pr. utgangen av 4 kvartal 2020 (tal frå SSB).

Tabell: Totalt utslepp og besparelsar i SSR 2020. Tala inkluderer både hushaldning og næring.

| | Totalt klimautslepp (tonn CO ₂) | | Per innbyggjar (kg CO ₂ / innb.) | |
|---------------------------------------|--|--------------|--|-------------|
| | 2019 | 2020 | 2019 | 2020 |
| Utslepp frå transport | 818 | 715 | 33 | 29 |
| Utslepp frå forbrenning | 2773 | 3938 | 110 | 157 |
| CO ₂ -red. frå forbrenning | -2321 | -3065 | -92 | -123 |
| CO ₂ -red. frå gjenvinning | -9020 | -11151 | -359 | -446 |
| Total CO₂-reduksjon | -7750 | -9563 | -309 | -382 |

Utslepp frå transport (sjå tabell) bidreg til eit relativt lite utslepp på totalt 715 tonn CO₂-ekvivalentar.

Det største utsleppet kjem frå forbrenning av avfall (3938 tonn CO₂-ekvivalentar).

Sparing av miljøet kjem ved energi frå energigjenvinning som erstattar alternative energikjelder (3065 CO₂-ekvivalentar) og materialgjenvinning og ombruk som erstattar framstilling av alternative ressursar (11151 CO₂-ekvivalentar).

For utsorterte fraksjonar er gevinsten gjennomsnittleg på 1,315 tonn CO₂ per tonn avfall.

For restavfallet og grovavfallet er det eit netto utslepp på 0,169 tonn CO₂ per tonn avfall.

MØTEBOK - REPRESENTANTSKAPET

SAK NR R05/21

Møtedato: 20.05.2021

Sakshandsamar: Einar Heimdal

Sak R05/21 – VALG AV REVISOR OG GODKJENNING AV HONORAR TIL REVISOR ETTER REKNING

Etter vedtak i representantskapet i 2018 (sak R05/2018), vart BDO AS valgt som revisor for SSR for åra 2018, 2019, 2020 og 2021. Dette vedtaket vart gjort etter ein gjennomført anbuds konkurranse vinteren 2018.

I mai i fjor vedtok representantskapet m.a. følgende:

«Representantskapet godkjenner BDO AS blir vald som revisor for SSR også for rekneskapsåra 2020 og 2021.»

Det er i 2020 kostnadsført kr 97.263 (ekskl. mva.) for lovpålagd revisjon, utarbeiding av årsoppgjeret og utarbeiding av likningspapira. For andre tenester utanfor revisjonen er det fakturert kr 67.660 (ekskl. mva.) – jfr. note 2 i rekneskapet. Andre tenester gjeld hovudsakleg arbeid med selskapskontrollen, deltaking i diverse møter og anna rekneskapsmessig bistand. Av desse er oppfølging etter selskapskontrollen den største posten.

Styret si tilråding til vedtak:

1. Representantskapet godkjenner honorar til revisor etter rekning for 2020, med kr 97.263 (ekskl. mva.) for ordinære revisjonstenester og kr 67.660 (ekskl. mva.) for andre tenester.
2. Representantskapet godkjenner at BDO AS blir vald som revisor for SSR også det siste året i avtaleperioden (2021).

Vedtak, samr.:

MØTEBOK - REPRESENTANTSKAPET

SAK NR R06/21

Møtedato: 20.05.2021

Sakshandsamar: Einar Heimdal

Sak R06/21 –

STYREVAL OG FASTSETTING AV STYREGODTGJERSLE

Valkomitéen i representantskapet skal fremje eventuelle kandidatar i representantskapsmøtet. I valgkomitéen sit Kjetil Nesset (leiar), Tor Sindre Steinsvik, Oddvar Gjerde og Olav Myklebust.

Status for styret er følgende:

- George Fulford (vald for 1 år, på val i 2021, vald som styreleiar til 2021)
- Camilla Storøy (vald for 2 år, på val i 2022, vald som nestleiar til 2022)
- Margareth Leinebø (vald for 2 år, på val i 2022)
- Anne Holstad (ikkje på val, på val i 2021)
- Arnljot Muren (vald for 2 år, på val i 2022)
- Kjartan Grimstad (vald for 2 år, på val i 2022)
- Bjarte Uglum (tilsette sin representant i styret)

Godtgjersla til styret var følgande i 2020:

- Styreleiar blir honorert med kr 83.069 fast per år. Arbeid utover normalt arbeid som styret sin leiar blir honorert etter avtale med selskapet.
- Styret sine medlemmer elles blir honorert med kr 41.535 fast per år.
- Styret sin tilsettvalde medlem blir honorert med kr 11.876 fast per år.

Tradisjonelt gjer representantskapet vedtak om å auke styresatsane omtrent i takt med kommunal deflator. I unntaksåret 2020 vart styresatsane auka med 1,5 %. Pris- og lønnsveksten i kommunesektoren i 2021 (kommunal deflator) er anslått til 2,7 %. Frontfagoppgjeret denne våren enda også på 2,7 %.

Forts.

Forts.

Ut i frå saka sin natur kjem ikkje styret med tilråding i denne saka.

Valkomitéen si tilråding er lagt ved eller blir delt ut før / under møtet.

Vedtak, samr.:

MØTEBOK - REPRESENTANTSKAPET

SAK NR R07/21

Møtedato: 20.05.2021

Sakshandsamar: Einar Heimdal

Sak R07/21 – Oppretting av særskild klagenemnd

Sjå vedlagde utgreiing frå Samfunnsbedriftene (tidl. KS Bedrift).

Med bakgrunn i ny kommunelov og § 28, andre ledd, der, må SSR opprette ei eiga klagenemnd. Dette vil gjelde for sjølvstendige (og offentlege) aksjeselskap (AS) og interkommunale selskap (IKS) – som fattar enkeltvedtak (noko SSR gjer).

I korte trekk kan ein seie dette om ei slik klagenemnd:

- Klagenemnda skal oppnemnast av det øverste organet i rettssubjektet (m.a.o. representantskapet).
- Klagenemnda skal kun handsame innkomne klager på enkeltvedtak (og t.d. ikkje klager på vedtak på gebyrnivå o.l. fastsett av kommunestyra).
- Enkeltvedtak gjeld rettigheter og plikter til ein eller fleire bestemte (og namngitte) personar (abonnentar).
- Eigarkommunene eller representantskapet har ikkje instruksjonsrett over klagenemnda.
- Styret kan ikkje opptre som klageorgan for vedtak gjort av selskapet sin administrasjon (i klagesaker).
- Klagenemndas vedtak kan, som hovudregel, ikkje påklagast vidare (med eventuelle unntak i særlover e.l.).
- Ut i frå erfaring med antal slike klager som blir handsama, er det naturleg at nemnda samlast 2 eller 3 gangar årleg.

Litt meir detaljar:

- Dagleg leiar i SSR er sekretær for nemnda.
- Klagenemnda blir oppretta med oppstart f.o.m. 15. august 2021, men det blir ikkje det første møtet i nemnda før litt seinare på hausten.
- Godtgjersle blir som for oppmøte på representantskapsmøta.
- Klagenemnda vel sjølve kven som skal vere leiar.
- Valg til nemnda i starten på kvar valgperiode (på det konstituerande representantskapsmøtet etter kvart lokalvalg). Neste valg blir då hausten 2023.

- Det blir ikkje halde møte hvis det ikkje er saker å behandle. Erfaringsmessig er det kun 5 – 10 slike saker årleg. Dei fleste sakene, der det er usemje, blir løyste før ein kjem så langt.

Det er naturleg at dei fire eigarkommunene har kvar sin representant i nemnda. Det bør vere eit krav til lang erfaring, til kompetanse innanfor forvaltning og også bransjespesifikk kompetanse er ønskjeleg. Vanlege habilitetsreglar gjeld.

Tilsette, styremedlemmer eller medlemmer i representantskapet (inkl. vara-medlemmer) kan ikkje sitte i denne nemnda. Det bør heller ikkje andre som kan kome i ein habilitetsskvis, som t.d. kontrollorgana valgt revisor, Vest Kontroll, SSKR og kontrollutvalgsmedlemmer + eventuelle leverandørar til selskapet. Jfr. elles habilitetsreglane i forvaltingslova.

I nemnda bør det sitte erfarne personar, personar som kjenner litt til kva abonnentar er opptatte av og kva handlingsrom ein har innanfor gjeldande regelverk. Det kan gjerne vere tidlegare styremedlemmer eller tidlegare medlemmer i representantskapet – eller tidlegare formannskapsmedlemmer.

Ingen varamedlemmer i nemnda. Ved stemmelikheit har leiaren dobbeltstemme.

Valgkomitéen kjem med framlegg om kandidatar til nemnda – ein frå kvar av eigarkommunene og to av kvart kjønn.

Styret si tilråding til vedtak:

Representantskapet vedtar at selskapet opprettar ei eiga klagenemnd frå og med 15. august 2021. Klagenemnda skal handsame klager på enkeltvedtak. Godtgjersla blir lik møtegodtgjersla i representantskapet. Nemnda konstituerer seg sjølve med leiar. Fire kandidatar, ein frå kvar eigarkommune, blir valgt til medlemmer i nemnda. Dersom nokon av dei valgte medlemmene får stillingar eller verv som utfordrar habilitetsspørsmålet, gjer representantskapet erstatningsvalg på neste ordinære møte i representantskapet.

Følgande vart valgt til å sitte i SSRs klagenemnd:

Vedtak, samr.:



Dette må du vite om «særskilt klagenemnd»

Energi | Havn | Avfall | Andre bransjer | Brann og redning

Nyhet **Skrevet av Agnete Busengdal Sommerset (mailto:agnete.sommerset@samfunnsbedriftene.no) / 19. februar 2021**

Del på Facebook

(<https://www.facebook.com/sharer.php?u=https://www.samfunnsbedriftene.no/aktuelt/advokattjenester/dette-ma-du-vite-om-saerskilt-klagenemnd/>)

Del på Twitter

(<https://twitter.com/share?url=https://www.samfunnsbedriftene.no/aktuelt/advokattjenester/dette-ma-du-vite-om-saerskilt-klagenemnd/&hashtags=kbedrift>)

Del på LinkedIn

(<https://www.linkedin.com/shareArticle?mini=true&url=https://www.samfunnsbedriftene.no/aktuelt/advokattjenester/dette-ma-du-vite-om-saerskilt-klagenemnd/>)

Ny kommunelov fra 2018 medførte krav om en egen klagenemnd for mange av våre medlemmer. Vi ser på hvilke forpliktelser det kan gi for aksjeselskaper og interkommunale selskaper.

Med den nye kommuneloven kom det også en endring i forvaltningsloven § 28 andre ledd om klagenemnd for selvstendige rettssubjekter. Denne endringen har direkte betydning for de kommunalt eide selskapene som etter delegert myndighet fatter enkeltvedtak.

Samfunnsbedriftene har fått flere spørsmål om innholdet og rekkevidden av forpliktelser som følger av den nye bestemmelsen. Her får du vite hva ditt selskap må forholde seg til.

Krav om klagenemnd

I forbindelse med den nye kommuneloven ble det uttrykt ønske om å klargjøre hvem som skal stå for klagebehandlingen når et eget rettssubjekt treffer enkeltvedtak etter overført myndighet fra en kommune eller fylkeskommune.

For noen virksomheter følger det av særloven som gir hjemmel til å delegerer myndighet, hvordan klageordningen er. Uklarheten som eksisterte gjaldt i de tilfeller hvor klagesystemet ikke fremgikk av den enkelte særloven. Dette er en situasjon som er vanlig for svært mange av våre medlemmer; for eksempel innen avfall ved søknader om fritak fra renovasjonsordningen, innen brann og redning ved vedtak om feiertilsyn, samt flere andre tilfeller.

For medlemmer med interkommunalt eierskap kunne det, inntil denne lovendringen kom, være uklart hvor klager over slike vedtak skulle rettes, og det har vært noe ulik praksis i ulike kommuner/samarbeid.

Etter å ha vurdert ulike alternativer i høringsrunden, besluttet lovgiver at en særskilt klagenemnd var det rette for slike selskaper. Kravet om en særskilt klagenemnd ble innført ved en endring i forvaltningsloven § 28, som trådte i kraft samtidig med ny kommunelov (ved første konstituering etter kommunevalget), ønsket lovgiver å klargjøre dette.

Hva regulerer bestemmelsen i forvaltningsloven?

Bestemmelsen i forvaltningsloven (fvl) § 28, andre ledd, andre punktum lyder:

«For enkeltvedtak som er truffet av egne rettssubjekter som har fått overført myndighet fra kommunen eller fylkeskommunen, er klageinstansen én eller flere særskilte klagenemnder som er oppnevnt av det øverste organet i rettssubjektet.»

To betingelser må være oppfylt for at en virksomhet må opprette en særskilt klagenemnd.

For det første må virksomheten regnes som et «eget rettssubjekt». Aksjeselskap (AS) og interkommunale selskaper (IKS) omfattes av denne ordlyden. Kommunale og fylkeskommunale foretak faller imidlertid utenfor denne reguleringen da de ikke er selvstendige rettssubjekter. Det samme gjelder enkelte andre samarbeid som er opprettet med hjemmel i kommuneloven. Vi vil i det følgende fokusere på de selskapene som har flere kommuner inne på eiersiden; altså IKS og interkommunale AS.

For det andre må kommunen ha delegert myndighet til å treffe enkeltvedtak som kan påklages. Enkeltvedtak er etter forvaltningsloven § 2 første ledd b) et vedtak som gjelder rettigheter eller plikter til en eller flere bestemte personer. Slike vedtak kan påklages. Klager på andre beslutninger selskapet treffer – som for eksempel administrative beslutninger eller beslutninger om å inngå kontrakter, skal ikke behandles av den særskilte klagenemnda.

Dersom disse to betingelsene er oppfylt, skal «det øverste organet i rettssubjektet» oppnevne klagenemnd. I et AS er det generalforsamlingen, mens i et IKS er det representantskapet som skal oppnevne klagenemnden. Det er altså ikke kommunens oppgave.

For de fleste selskaper vil det være mest aktuelt å opprette én særskilt klagenemnd. I tilfeller hvor det er en stor saksmengde som skal behandles og mange klager innenfor ulike fagområder, kan det være aktuelt med flere klagenemnder, men dette er mindre aktuelt for våre medlemmer.

Bestemmelsen kan etter ordlyden se ut til å åpne for en særskilt klagenemnd i hver eierkommune for selskaper med flere kommuner som eiere. Det er imidlertid ikke riktig tolkning. I forarbeidene til kommuneloven, Prop. L 46 (2017-2018) punkt 19.5.2, kan man lese følgende om dette:

«...en slik klageordning (med klage til hver enkelt kommune) kan undergrave det forpliktende elementet i samarbeidet. Mange vil dessuten kunne komme til å klage for å få saken behandlet i hjemkommunen sin. En ordning med egne klagenemnder for hver av deltakerkommunene vil også kunne føre til forskjellsbehandling basert på hvilken kommune klagerne er bosatt i, noe som vil kunne redusere legitimiteten samarbeidet har i befolkningen.

Utvalget viser til at et annet argument mot denne løsningen er at den vil kunne gjøre det vanskelig for det interkommunale organet å praktisere regelverket i framtidige saker. Organet skal jo innrette seg etter praksisen fra klagebehandlingen. Med flere klagenemnder kan dette bli vanskelig dersom klageinstansene kommer til ulike resultater.

Departementet følger i proposisjonen punkt 19.5.4 opp med å slutte seg til at klagebehandlingen bør legges til særskilte klagenemnder og begrunner det hovedsakelig med at en slik ordning vil sikre en enhetlig praksis og bygge opp under samarbeidets forpliktende karakter.

Kravet om at klagenemnda skal være «særskilt» må tolkes slik at eierkommunene ikke kan ha instruksjonsmyndighet overfor nemnda i konkrete saker som skal avgjøres. Det følger også forutsetningsvis av forvaltningslovens system at ingen har instruksjonsrett over klageinstansen (se bl.a. forvaltningsloven § 34 om klageinstansens myndighet). Derfor har heller ikke representantskapets eller generalforsamlingens medlemmer slik instruksjonsmyndighet.

Hvem kan sitte i den særskilte klagenemnda?

Det fremgår ikke av forvaltningsloven eller av forarbeidene til bestemmelsen hvordan valg av klagenemnd skal skje. Det kan besluttes av deltakerkommunene (eierne) selv. Det er heller ikke gitt noen føringer eller begrensninger knyttet til oppnevning, sammensetning, hvor mange eller hvem som kan være deltakere i klagenemnden. Eierorganet til det enkelte selskapet er således gitt et handlingsrom.

Sivilombudsmannen har imidlertid i sak (2019/3089) uttalt at *styret* i et IKS ikke kan opptre som klageorgan (<https://www.sivilombudsmannen.no/uttalelser/fritak-fra-renovasjonsgebyr-klageorgan-begrunnelse-mv/>) for vedtak truffet av selskapets administrasjon i første instans.

Det er ellers naturlig å minne om at det finnes rettslige føringer etter forvaltningslovens habilitetsregler, som må ivaretas både ved oppnevning av nemndsmedlemmer og ved arbeid i konkrete saker i klagenemnda.

Hvilke regler gjelder for saksbehandlingen av klager?

Der selskapet treffer enkeltvedtak, jf. forvaltningsloven § 2, som påklages, vil klagebehandlingen i hovedtrekk se slik ut:

- Klagen skal fremsettes for selskapet, som er det forvaltingsorganet som traff vedtaket. Dette følger av fvl. § 32 første ledd, bokstav a). Klagebehandlingen følger forvaltningslovens system.
- Når selskapet mottar klagen, skal det som underinstans i klagesaken «foreta de undersøkelser klagen gir grunn til». Det skal altså ikke opprettes noe eget sekretariat for klagenemnda som skal forberede sakene. Selskapet kan oppheve eller endre vedtaket,

dersom det finner klagen begrunnet. Dette betyr at selskapet har kompetanse til å omgjøre egne vedtak hvis det f.eks. ser det er feil ved innholdet eller saksbehandlingen. Dersom vilkårene for å behandle klagen ikke foreligger (klager har ikke klagerett på det aktuelle vedtaket, klagen er fremsatt alt for sent el.), kan selskapet også på visse vilkår avvise saken. Dette følger av fvl. § 33 andre ledd.

- Hvis selskapet etter denne vurderingen ikke opphever vedtaket eller treffer nytt vedtak, så skal saken oversendes til klageorganet (klageinstansen) «så snart den er tilrettelagt», jf. fvl. § 33 fjerde ledd. Dersom underinstansen/selskapet fastholder sitt vedtak etter klagen, er det vanlig at det lages et oversendelsesbrev som følger saken til klageorganet, der man f.eks. kommenterer de innsigelser som er reist i klagen og begrunner hvorfor de ikke er tatt til følge. Kopi av dette må som hovedregel også sendes til den som har klaget. Klageren kan på den måten få anledning til å kommentere eventuelle nye momenter som fremkommer i oversendelsen.
- Det oppnevnte klageorganet kan deretter prøve *alle sider av saken*, herunder ta hensyn til nye omstendigheter. Klagenemnda kan treffe nytt vedtak i saken eller oppheve det og sende saken tilbake til underinstansen/selskapet til helt eller delvis ny behandling. Klageorganets kompetanse fremgår av fvl. § 34. Sentralt står plikten til påse at saken er så godt opplyst som mulig før nytt vedtak treffes. Klageorganet kan i denne sammenheng også pålegge underinstansen å foreta nærmere undersøkelser.
- Klageorganets vedtak kan som hovedregel ikke påklages videre. Klageorganets vedtak blir dermed det endelige vedtaket som får konkrete rettsvirkninger for den som vedtaket retter seg mot. Unntak kan tenkes i tilfeller der det følger av særlov at vedtaket likevel kan påklages til Statsforvalteren, departementet el. Når forvaltningens klagemuligheter er oppbrukte, har klageren adgang til å bringe saken inn for domstolen.
- Kommunens administrasjon har ikke noen formell rolle i behandlingen av klagesaker truffet av selskaper som er interkommunalt eid.

MØTEBOK - REPRESENTANTSKAPET

SAK NR R08/21

Møtedato: 20.05.2021

Sakshandsamar: Einar Heimdal

Sak R08/21 – Etterkontroll etter selskapskontrollen i SSR

Sjå vedlagde brev som vart sendt til kontrollutvalga i forkant av møte med dei 7. mai 2021. Her er dei tilhøva som etterkontrollen tok opp drøfta og gjennomgått – og dei nemnde justeringane der blir tatt i 2021-rekneskapet. Justeringane får ikkje konsekvensar for tilhøvet mellom hushaldnings- og næringsrenovasjon.

Styreleiar vil orientere om møtet med kontrollutvalga på representantskapsmøtet.

Styret si tilråding til vedtak:

Representantskapet godkjenner selskapets handtering av etterkontrollen etter selskapskontrollen, og vedtar at selskapet sender representantskapet sitt vedtak over til Vest Kontroll for vidareformidling til kontrollutvalga og eigarkommunene.

Sakshandsaming:

Vedtak, samr.:

NOTAT

Til: **Kontrollutvalget i Ulstein**
Sendt pr. e-post til Vest Kontroll v/Jostein Støylen

Fra: **Styrets leder George H. Fulford og daglig leder Einar Heimdal i Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS**

Dato: **21. april 2021**

Sak: **Møte i kontrollutvalget i Ulstein ultimo april 2021**

1. Bakgrunn

Det ble avholdt selskapskontroll i Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS (SSR), gjeldende for regnskapsårene 2010 - 2018. Kontrollrapporten er datert 26. august 2019.

Det er avtalt møte den 15. april 2021 for gjennomgang av uavklarte punkter etter den nevnte kontrollen og etterkontrollrapporten. SSR ønsker på dette møtet å redegjøre for sitt standpunkt og med ønske om å finne frem til løsninger som er akseptable for begge parter og i samsvar med regelverket.

2. Konkrete problemstillinger i forhold til etterkontrollen

SSR forbereder følgende saker til møtet i kontrollutvalget:

2.1 Fordelingsnøkler

Det er korrekt at fordelingsnøkler mellom den del av virksomheten som er underlagt selvkost og den delen som er næringsvirksomhet er kvalitetssikret. Det er selskapets selv som utfører dette, med påfølgende kontrollspørsmål og oppfølging fra revisor. Fordelingsnøkler blir på denne bakgrunn vurdert av styret som har ansvaret for at disse er korrekte. Disse blir justert gjennom året hvis virksomheten endrer karakter. Vi konstaterer også at SSKR var fornøyde med selskapets fordelingsnøkler under kontrollen. Det var også denne delen det ble brukt mest tid på.

Konklusjon

Styret og administrasjonen mener at fordelingsnøkler blir kvalitetssikret på en relevant måte.

2.2 Nedgravde løsninger

Nedgravde løsninger har blitt en etterspurt løsning i mange deler av landet de senere årene. Dette skyldes nok flere forhold, som f.eks. estetikk, sikkerhet/brann, lukt og effektivitet. I prinsippet er vi kjent med tre modeller for eierskap / finansiering:

1. Fullt kommunalt (husholdning).
2. Delt (husholdning og næring).
3. Fullt privat (næring).

Det er altså ingen ting i veien for at et IKS eller en kommune finansierer hele kostnaden og at alle investeringsmidler og finanskostnader henføres til selvkost. Investeringen dekkes inn gjennom gebyrer. Dette vil da være den rådende løsningen i et område eller en sone og defineres inn i selvkost (for abonnentene blir det da ingen valgadgang mellom ordinære dunker og nedgravde løsninger). IKS et eller kommune tar da i prinsippet ansvar for alle sider av tiltaket. Det er viktig å være klar over at eventuell støtte fra det offentlige til etablering (gjennom tilskudd) er utenfor selvkost, og ikke kan kreves tilbakebetalt over gebyret.

SSR har etablert flere nedgravde løsninger i egen regi og med egne midler til investering – på privat/kommunal grunn der man har overtatt alt ansvar for anlegget. Hovedprinsippet er da tilsvarende «Fullt kommunalt» eierskap / finansiering. Av forskjellige grunner ble kr 633 000 knyttet til arbeider i grunnen på kommunal / privat eiendom kostnadsført. SSR vurderte det dithen at man ikke hadde full råderett over investeringen og at om man måtte avvikle / flytte løsningen (stor sannsynlighet) ville det gi tap. Etter kontrollen ble det akseptert å tilbakeføre disse nedskrivningene. I praksis ble det gjort tilbakeføring av kostnader på kr 486 017. Periodisering av kostnader kan i prinsippet alltid diskuteres og vi ser ikke at dette er vesentlig for regnskapet som sådan, og mye av dette ville vært avskrevet i perioden fra anskaffelse til i dag. Det er heller ikke feilført mellom husholdning og næring.

SSR er enig med kontrollutvalget/representantskapet at kostnaden for slike løsninger i størst mulig grad bør legges på utbygger (slik det blir gjort i dag). Hvis selskapet skal betale for kostnaden, aksepterer SSR at grunnarbeidet skal vurderes som en anskaffelseskostnad for nedgravde løsninger og derved aktiveres og avskrives. Angjeldende beløp blir å tilbakeføre selvkostfondet. Når det gjelder forskjellen mellom kr 633 566 og kr 486 017 er den på kr 147 549. Dette blir da tatt på regnskapet i 2021, tilbakeført til selvkostfondet og aktivert. Det vil likevel få liten betydning for selvkostfondet, siden over halvparten likevel allerede er / blir avskrevet. Feilen ligger i beregningene i et regneark.

Konklusjon

Kostnader ved nedgravd løsning skal i størst mulig grad dekkes av utbygger. Hvis SSR skal dekke kostnaden, skal kostnaden ved grunnarbeid aktiveres og avskrives. Regnskapet i SSR er korrigert i samsvar med dette og det resterende beløpet blir tatt på 2021-regnskapet.

2.3 Avskrivning tomter 1980-2014

SSR har innført prinsipp om avskrivning av tomter i selvkostregnskapet i tråd med selvkostregelverket. Det har imidlertid vært diskusjon som gjelder fra hvilket tidspunkt selskapet kunne starte med avskrivning iht. dette prinsippet. Etter selskapskontrollen valgte selskapet å tilpasse seg dette gjennom å tilbakeføre avskrivninger for perioden 1980 til 2014. Dette ble gjort med kr 303 000 i tråd med anbefalingen. Vi oppfatter at tilbakemeldingen i etterkontrollen etter selskapskontrollen ikke er korrekt, da kr 303 000 gjelder selskapet som helhet. Fordeling på hhv. husholdning 79 % og næring 21 % (i tråd med fordelingsnøkler) medfører en justering på kr 239 370. Vi oppfatter altså at dette er korrigert i tråd med

anbefaling og gjeldende regler, og dermed ikke skulle vært påpekt i «Oppfølging selskapskontroll SSR IKS».

Konklusjon

Avskrivning av tomter er korrekt behandlet av SSR.

2.4 Investering – drift

SSR har kostnadsført ca. kr 650 000 som består av kostnader infrastrukturtiltak / anleggsbidrag mv. (asfaltering av kommunal vei, bidrag til utbygging av kabler til strøm og fiber mv.).

SSRs utgangspunkt har vært at investeringskostnader blir utgiftsført hvor selskapet ikke har kontroll på objektet. M.a.o. utenfor egen eiendom, utenfor egen kontroll og der andre kan benytte investeringene våre. Et eksempel på dette er anlegget i Myklebustmyrane i Sande kommune. F.eks. blir tilkomstveien til anlegget vårt benyttet av flere andre (som slapp anleggsbidrag). Mye av dette handler om anleggsbidrag og det som i sin tid ble definert som investeringer med kort levetid. Samlet beløpet er på ca. kr 650 000. SSKR mener at dette skulle vært aktivert og avskrevet i stedet for direkte kostnadsført i driften.

SSR har gjennomgått saken på nytt, og i etterpåklokskapens lys ser selskapet at beløpet kunne / burde vært aktivert. Dette gjelder i hovedsak en levegg på Mjølstadneset og skinner / fendere på miljøstasjonene. Måten dette har blitt bokført på, påvirker ikke fordelingen mellom husholdning og næring.

Konklusjon

Regnskapet rettes slik at kr 650 000 blir aktivert fra dato for ferdigstilling.

2.5 Overskudds- / underskuddsdisponering

SSKR påpeker at man har et selvkostfond på kr 7,6 mill. pr 31.12.2019, og at selskapet har løst opp for lite av overskuddet fra 2014. De mener derfor at selskapet ikke følger regelverket og at det er brudd på generasjonsprinsippet ved at overskudd ikke tilbakeføres innen 5-årsfristen.

SSR har følgende bemerkninger:

- a) Selvkostberegningene tar utgangspunkt i de regnskapsførte inntektene og kostnadene i foretaket. Det er imidlertid grunn til å ta i betraktning at man endret regnskapsmessig prinsipp for pensjonsavsetning i 2014. Pensjonsforpliktelsen ble da ikke lenger balanseført. Dette ble korrigert mot selvkostfondet med kr 2 822 000 (85 % av pensjonsforpliktelsen). Tilsvarende ville SSR (om man fortsatt benyttet balanseføring som prinsipp) hatt en pensjonsforpliktelse som ville belastet selvkostfondet med om lag kr 3 954 000 (81 % av pensjonsforpliktelsen) ved utgangen av 2019. Utgående balanse 31.12.2019 for selvkostfondet ville dermed vært kr 3 641 000 mot regnskapsført kr 7 595 000.

Effekten reelt sett på fondet av den ikke-balanseførte pensjonsforpliktelsen som påhviler SSR, er etter vår vurdering et vesentlig moment å ta med i vurderingen. Det er ikke gitt hva som er rett måte å vurdere dette på, men mye taler for å ta forholdet i

betraktning da dette er en kjent forpliktelse for SSR. foretaket. Om man tar dette i betraktning, er det neppe urovekkende stort fond pr 31.12.2019 og ei heller et brudd på generasjonsprinsippet.

- b) Det må i tillegg tas hensyn til forventede kostnader på deponiet i Fløstranda. Samlede kostnader forventes å beløpe seg til nærmere 5 millioner kroner. Av dette beløpet forventes at ca. kr 1,5 til 2 millioner kroner blir belastet selvkostfondet for husholdningsrenovasjon.
- c) Det ble fastsatt en ny forskrift med virkning fra 1. januar 2020. Fra tilhørende veileder fremkommer det følgende:
 - Det er en frist på fem år på å tilbakeføre overskudd. Et overskudd som oppsto i år t skal tilbakeføres senest i år t+5, et overskudd som oppsto i år t+1 skal tilbakeføres senest i år t+6, og så videre.

Gjeldende retningslinjer tilsier at en generasjon ikke skal subsidiere eller bli subsidiert av neste generasjon. Dette innebærer kostnader med tjenestene som ytes i dag skal dekkes av de brukerne som drar nytte av tjenesten. SSR søker å ha en planlagt prosess for oppbygging og nedbygging av fondet gjennom selskapets økonomiplan.

SSR vil tilpasse seg gjeldende regelverk.

Konklusjon

Styret ønsker å fremlegge for representantskapet 2021 en forutsigbar økonomiplan for vurdering av selvkostfondets størrelse i samsvar med gjeldende regelverk.

Representantskapet inviteres da til å ta stilling til selvkostfondets størrelse basert på den økonomiplanen som blir fremlagt til behandling.

3. Oppsummering

Styret og administrasjonen i SSR ønsker å utøve selskapets virksomhet i tråd med gjeldende lovverk og kommunale vedtak. Vi kan nok ha noen innvendinger mot selve prosessgjennomføringen, men SSR – som et transparent selskap – ser positivt på at kontrollutvalget har hatt en selskapskontroll og en gjennomgang av selskapets regnskap.

Hvis det er andre problemstillinger som kontrollutvalget ønsker besvart av SSR, imøteser vi en tilbakemelding om dette.

Kopi av dette notatet er sendt til ordføreren i Ulstein kommune til orientering.

Med vennlig hilsen Einar Heimdal og George H. Fulford

MØTEBOK - REPRESENTANTSKAPET

SAK NR R09/21

Møtedato: 20.05.2021

Sakshandsamar: Dagleg leiar Einar Heimdal og styreleiar George H. Fulford

Sak R09/20 – Deponiet / fyllplassen i Fløstranda

Saka er ei framhaldssak frå møtet i representantskapet 5. november 2020.

Representantskapet vedtok då følgjande:

«Representantskapet utset saka om deponiet på Flø til neste ordinære møte i representantskapet. Nytt saksframlegg skal avklare dei prinsipielle sidene ved saka, og det omfattar:

- a) Avfall knytt til hushaldningane skal dekkast av sjølvkostfondet.*
- b) Kvalitetssikring av fordeling mellom hushaldning og næring.*
- c) Fordeling av ansvar / kostnader mellom SSR og Ulstein kommune.*
- d) Klarlegge det organisatoriske ansvaret for etterdrift (inkludert rettsleg vurdering av avtale mellom grunneigarar og Ulstein kommune).*
- e) Avklare eit grovt estimat over kostnader dei neste åra.*

Representantskapet føreset at tiltak som er akutte i forhold til liv og helse (sprekker i austre fylling) vert utbetra omgåande, og at SSR tar ansvar for dette.

Eigarkommunene vil framskaffe oversikt over deponi i kvar enkelt kommune. SSR koordinerer denne innsamlinga.»

Det som har skjedd sidan møtet, i tillegg til å greie ut om saka, er følgande:

- Sprekkene i austre fylling er ordna.
- Eigarkommunene har alle fått e-post og blitt bedne om å kome med tilbakemeldingar innan torsdag 18. mars 2021. E-posten gjekk til kommunalsjefar, tekniske sjefar og avdelingsleiarar på aktuelle tekniske avdelingar – med kopi til ordførarane. Purring vart sendt ut 9. mars 2021. Purringa inkluderte også kommunedirektørane.

Følgande kommuner kom med tilbakemeldingar:

- Herøy kommune – sjå vedlegg! 3 deponi.
- Ulstein kommune – sjå vedlegg! 1 deponi.
- Hareid kommune – sjå vedlegg! 2 deponi, inkl. Eidet (som SSR eig).
- Sande kommune – sjå vedlegg! 2 deponi.

Tilbakemeldingane er lagd ved saka. Ut i frå tilbakemeldingane er det ingen av desse deponia som er «kritiske» m.t.p. forureining, farlegheiter, e.l.

Kort historikk rundt deponiet i Fløstranda:

Deponiet i Fløstranda i Ulstein kommune vart etablert og sett i drift i 1948. Deponiet var i drift fram til årsskiftet 1994/1995. I 1995 vart deponiet på Eidet sett i drift. I løpet av dei siste par åra har det oppstått sprekker i austre (øvrste) del av deponiet, og sjøen vaskar ut avfall frå vestre (nedste) delen. Spørsmålet er kven som skal bere kostnadene med å fikse det som må ordnast og også sørge for eventuell anna etterdrift av deponiet seinare. Ulstein kommune har i avtale med grunneigarane, datert 6. desember 1989, tatt på seg ansvaret: «Kommunen skal vere ansvarleg for begge fyllingane også i framtida.». I perioden 1980/1981 til midt på 1990-talet var Ulstein kommune vertskommune for SSR (som då inkluderte Herøy, Ulstein og Hareid).

Andre moment som må greiast ut (jfr. vedtaket 5/11-2020):

- **Kvalitetssikring av fordeling mellom hushaldning og næring.**
 Dette er nærast umogleg å gi eit eksakt svar på så lenge etter at deponiet vart nedlagt. Basert på det som er skaffa fram av tilgjengelege opplysningar, meiner vi at for det som kjem på SSR sin del (80 % av totalkostnaden), kan det vere 50/50 (hushaldning / næring) på avfallet + at slam må belastast sin andel. Ei naturleg fordeling internt i SSR av sin andel, er 40 % på hushaldning, 40 % på næring og 20 % på slam.
- **Fordeling av ansvar og kostnader mellom SSR og Ulstein kommune.**
 Her legg ein opp til at Ulstein kommune tar 20 % og SSR 80 % av totalkostnaden. Som nemnt i forrige avsnitt, blir dette for SSR sin andel fordelt med 40 % på hushaldning, 40 % på næring og 20 % på slam.
- **Klarlegge det organisatoriske ansvaret for etterdrift (inkludert rettsleg vurdering av avtale mellom grunneigarar og Ulstein kommune).**
 Etterdriftsansvaret (oppfølgingsansvaret) for deponiet i Fløstranda ligg i dag avtalemessig og juridisk til Ulstein kommune (jfr. eksisterande avtale).
- **Avklare eit grovt estimat over kostnader dei neste åra.**
 Kva det vil koste å sette nedre del i skikkeleg stand (plastring, etc.) kan vere litt vanskeleg å anslå, men ein konsulent har sett på saka. Totalt vil det vere

snakk om knapt 5 mill. kroner. Dette vil i så fall vere ein eingangskostnad, og det vil ta mange år før eit eventuelt reparasjonsbehov dukkar opp att – hvis alt blir gjort på ein fagleg god måte – og det ligg i den nemnde prisen. Det er sjølvstilt litt utfordrande at havet står rett på stranda der, noko som gir mykje bårer mot plastringa. Konsulentrapporten er vedlagt. 2021 kan, ut i frå det som skjer i anleggsbransjen, truleg vere eit godt tidspunkt å legge ut arbeidet på anbod.

For SSR sin del er det også viktig å vurdere ei anna viktig sak:

- Finansiering må gjerast med lån.

Dersom selskapet får det finansielle ansvaret (og ansvaret for å utføre det praktiske arbeidet) på deponiet i Fløstranda, må dette takast gjennom eit låneopptak innanfor eksisterande lånerammer i gjeldande selskapsavtale.

Styrets tilråding til vedtak:

Representantskapet ønskjer at ansvarsfordelinga skal gjenspeile faktisk bruk på fyllplassen / deponiet i Fløstranda, og føreslår følgjande måte å løyse utfordringa på:

- a) Ulstein kommune dekker sin andel av kostnadene med deponiet med 20 % av totalkostnadene. SSR fakturerer i etterkant Ulstein kommune for deira andel av totalkostnadene – dersom det er SSR som organiserer arbeidet.
- b) SSR dekker sin andel av kostnadene med deponiet med 80 % av totalkostnadene. Kostnader knytta til hushaldningsavfallet (anslagsvis 40 % av SSR sin andel) blir dekt av sjølvkostfondet for hushaldningsrenovasjon i SSR. Kostnadene blir ført i resultatreknskapet og deretter belasta sjølvkostfondet i årsoppgjeret. Dei resterande 60 % av SSR sin andel blir fordelt med 40 % på næring og 20 % på slam.
- c) Organisering av arbeidet i Fløstranda blir avklart på møtet.
- d) I dei andre eigarkommunene er det, ut i frå tilbakemeldingar, pr. d.d. ingen deponi som krev tiltak no.

Vedtak, samr.:

Einar Heimdal

Fra: Kjell Martin Vikene <kjell.martin.vikene@sande-mr.kommune.no>
Sendt: onsdag 24. mars 2021 08:25
Til: Einar Heimdal
Emne: SSR - Deponikartlegging
Vedlegg: SSR - deponikartlegging.xlsx

Hei !

Vedlagt ligg ved info om gamle deponi i Sande

Kvernhusdalen: Det vart gitt løyve til utslepp av sigevatn 26.04.1974. Løyve til utviding av fyllplassen vart gitt 21.11.1979 og igjen 03.10.1984. Sande kommune gjekk inn i SSR frå 01.01.1995.

Fyllplassen var dermed i bruk i 20 år og eg reknar med at bruken vart avslutta då vi gjekk inn i SSR.

Litt vanskeleg å definere eksakt volum > men det er ikkje større enn 16 000 kbm

Fyllinga består av matavfall.

Hldsneset: Fyllinga her har truleg vore i bruk sidan 1970 eller tidlegare. I kommunal regi frå 1976. Løyve frå Fylkesmannen datert 29.08.1988. Brann 26.1.1992. Mellombels løyve gitt 05.04.1993 til 31.12.1995. Løyvet vart forlenga til 01.05.1996, då vart bruken avslutta.

Fyllplassen har vore i bruk minimum i 25 år. Avslutta i 1996.

Litt vanskeleg å definere eksakt volum > men det er ikkje større enn 30 000 kbm (noko usikkerheit her)

Fyllinga består av grovavfall

Eg har laga ei oversikt over aktuelle dokument som eg legg ved.

Kjell Martin Vikene
Teknisk sjef
Sande kommune

SSR - DEPONIKARTLEGGING

E-post frå SSR 04.02.2021: Oversikt over nedlagde deponi.

Kvernhusdalen

| DATO | MERKNAD |
|------------|--|
| 25.04.1973 | Kommunestyret: Vedtak om innføring av tvungen renovasjon for Gurskøydelen av Sande med mellombels bossplass ved Larsnes. |
| 28.09.1973 | Søknad til Statens Vann- og avløpskontor: Bossplass ca 3 daa, ca 2000 personar. |
| 26.04.1974 | Statens vann- og avløpskontor: Løyve til utslepp av sigevatn til 31.12.1979. Gjeld for hushaldningsavfall og septikslam. |
| 03.02.1978 | Notat til fsk om utvidng av bossfyllinga. Har vore i drift i snart 3 år. |
| 22.05.1978 | Søknad om utviding til FM. Bossplassen dekkjer Gurskøydelen av Sande, ca 2000 personar. |
| 18.05.1979 | Utviding etter alternativ I vedtatt. |
| 26.09.1979 | Helserådet: Godkjenning for bossfylling i inntil 1 år. |
| 21.11.1979 | Fylkesmannen: Løyve til utviding av eksisterande søppelfylling. Gjeld inntil vidare. Kan seiast opp med 6 månaders varsel. |
| 28.10.1983 | Brev til fsk: Bossplassen tek til å bli oppfylt. Framlegg om utvding. |
| 20.01.1984 | Søknad om utviding av bossplassen til FM: Renovasjonsordning for heile kommunen frå våren 1984. Driftstid 5 år frå 01.07.1984. |
| 08.06.1984 | Renovasjonsvedtekter for kommunal renovasjon |
| 03.10.1984 | Frå FM: Løyve til utviding. Gjeld inntil vidare. |
| 23.03.1987 | Notat: Vurdering av Løsetstranda som mogleg fyllplass. Hidsneset nemnt. |
| 07.04.1987 | Helserådet handsama klage på lukt frå bossplassen. |
| 01.10.1992 | Til FM: Søknad om utsleppsløyve ny avfalls plass Larsnes. |
| 31.03.1993 | Til FM: Komplett søknad m utsleppsløyve ny avfalls plass Larsnes. |

Hidsneset

| DATO | MERKNAD |
|------------|--|
| 02.06.1970 | Brev frå grunneigarane på Hide: ..."gjøtt" der folk frå både Herøy og Sande har brukt til å tipa ting av ymse slag som dei har vilde bli kvitt med. |
| 04.06.1970 | Sande fsk: Vedr. Aksjonen Hald Norge Reint. Grunneigarane på Hide stiller eit område på Hidsneset til disposisjon for plassering av bilvrak mv mot at skrotet vert tildekkka. FSK tar imot tilbodet. |
| 27.03.1980 | Brev til Sande og Herøy fsk: Gamle bilvrak, stålkonstruksjonar, rotter. Fyllinga skal vere for uorganisk avfall. Ikkje godkjent. |
| 25.03.1983 | Brev til Sande fsk frå teknisk: Dumpingplass for industriavfall m.v. sidan 1976. Brukt i privat regi sidan tidleg 70-tal. |
| 20.05.1985 | Avtale med grunneigarane. |
| 29.08.1988 | Brev frå FM: Løyve til drift av grovavfalls plass på Hidsneset. Gjeld inntil vidare. |
| 19.10.1990 | Rapport frå Sigurd Aarsheim: Slutta med brenning av avfall. Satt opp 2 m høgt gjerde. Ny fyllplass mogleg like nord for eksisterande. |
| 09.01.1991 | FSK-møte: Utgreiing av tilhøva for noverande og evt. ny fyllplass på Hidsneset. |
| 24.01.1991 | Brev frå FM: Brenning på Hidsneset er ulovleg og i strid med gitt løyve. |

| | |
|------------|--|
| 17.03.1992 | Brev frå SSR: Grovavfall frå Sande kan leverast i Fløstranda inntil vidare pga brannen i fyllinga. |
| 24.03.1992 | Brev frå FM: Synfaring FM 09.03.1992. Det brenn fortsatt. FM innstilt på å få ei rask avvikling, dette bør kunne gjerast i løpet av 1993. Tok fyr 26.01.1992. |
| 29.01.1993 | Til FM: Søknad om vidare drift i inntil 3 år. |
| 05.04.1993 | Frå FM: Søknad om gjenopning datert 29.01.1993. Synfaring 16.03.1993. Gir løyve til mellombels drift t.o.m 31.12.1995. |
| 19.08.1993 | Møte med SSR: Grovavfallsplassen på Hidsneset er nyopna, men dette er førebels avgrensa til utgongen av 1995. |
| 03.11.1994 | Fsk: Grovavfallsplassen på Hidsneset vert nytta som hittil inntil den er full, eller ut 1995. Kommunen har løyve til å drive den ut 1995. |
| 16.02.1995 | Frå FM: Revisjon av utsleppsløyve av 05.04.1993 for Hidsneset. Utsleppsløyvet går ut 31.12.1995 og plassen skal då leggast ned. |
| 17.03.1995 | Styremøte SSR: Sande kommune sin medlemskap. Oppgradering av tenestene i Sande. Sande har dessutan grovavfallsplass på Hidsneset også i 1995. |
| 10.08.1995 | Brev til FM: Plan for avslutning av avfallsplassen for Hidsneset. Søknad om løyve til vidare drift. Avfallsplassen på Hidsneset vart gjenopna sommaren 1993 etter at plassen hadde vore stengt pga brann i fyllinga sida februar 1992. |
| 08.02.1996 | Brev frå FM: Forlenging av løyve gitt 05.04.1993 slik at grovavfall kan deponerast fram til plassen er oppfylt, men ikkje utover 01.05.1996. |
| 25.03.1996 | Styremøte SSR. Lokalmottak for grovavfall frå hushaldningane i Sande. ... Det er ønskjeleg at dette mottaket kan stå klart når Hidsneset vert stengt som avfallsmottak (står i margen: 01.05.1996). |

Sande kommune sitt medlemskap i SSR.

| DATO | MERKNADER |
|------------|--|
| 22.09.1993 | Fsk: Sande kommune søker om fullt medlemskap i SSR. |
| 23.09.1994 | Annonsebestilling: Frå 01.10.1994 startar SSR med innhenting av avfall i Sande kommune. (Gjeld kun innhentinga). |
| 03.11.1994 | FSK: ... gå inn som fullverdig medlem av SSR frå 01.01.1995. |

SSR – Deponikartlegging

| Deponi – namn | Bruksår (evt. frå/til) | Grovanslag storleik (m2) *) | Grovvurdering fraksjonar | Grovvurdering stabilitet |
|------------------------|--------------------------------------|-----------------------------|--|--|
| Fosnavågparken | Om lag 10 år (1958 – 1967) | Ca. 4500 m2. | Hushaldningsavfall. Truleg også grovavfall/industriavfall. | Ligg rimeleg stabilt. Lite sig i massene registrert. |
| Nærøya | 1967 - 1970 | Om lag 1500 m2 | Hushaldningsavfall. Truleg også grovavfall/industriavfall | Ligg rimeleg stabilt mellom gamal og ny veg. |
| Eggesbønes | Om lag 10 år (ca. 1970 – 02.01.1981) | Vel 10000 m2. | Hushaldningsavfall/Grovavfall/Industriavfall. | Ligg rimeleg stabilt. Lite sig i massene registrert. |
| Gjertneset / Bustevika | 1992 – d.d. | Om lag 5000 m2. | Bygningavfall etter nyttårsorkanen 1992. M.a. gamle sjøhus (Gamle Holmsildbuda i Fosnavåg m.m.) Trerøter, myrmassar, blanda jord- og steinmassar, 1 kvalkadaver. | Ligg stabilt bak forsterka voll i nedkant og voll langs veg på nordsida. Drenering i botn etablert. Tildekt med blanda jord/steinmassar. |

*) Antal m3 er umogleg å ha noko formeining om.

Fosnavåg, 9. mars 2021

Jon Rune Våge



Avfallsdeponi Fosnavågparken

Dato: 04.03.2021

Målestokk: 1:1000

Koordinatsystem: UTM 32N





Avfallsdeponi husholdningsavfall Nærøya

Dato: 04.03.2021

Målestokk: 1:1000

Koordinatsystem: UTM 32N





Avfallsdeponi Eggesbønes

Dato: 04.03.2021

Målestokk: 1:1500

Koordinatsystem: UTM 32N





Avfallsdeponi Gjertnesmarka-Bustevika

Dato: 04.03.2021

Målestokk: 1:1000

Koordinatsystem: UTM 32N



Einar Heimdal


Fra: Aina Giskeødegård Balsnes
<aina.giskeodegard.balsnes@hareid.kommune.no>
Sendt: torsdag 25. mars 2021 20:42
Til: Einar Heimdal
Kopi: Bernt Brandal; Kai-Rune Bjørke
Emne: SV: SSR - Deponikartlegging

Hei.


Vi har dessverre ikkje svart på denne, då vi manglar svar på fleire av spørsmåla som vert stilt. Vi har gitt tilbakemelding på rapportering til Miljødirektoratet 1.mars, og desse tilbakemeldingane er i stor grad basert på det som er registrert i grunnforurensing.miljodirektoratet.no. Vi har også etterlyst dokumentasjon frå fjernarkiv og fylket, og har m.a. motteke ein rapport frå Asplan Viak på avslutning av deponiet på Eidet.

Under fylgjer dei tilbakemeldingane vi har:

1. Ei oversikt over nedlagde avfallsdeponi i kommunene (både offisielle og uoffisielle), inkl. eit kommune kart der deponia er merka av + offisielle / uoffisielle namn på avfallsdeponia.



Hareidsmyrane.



Eidet avfallsdeponi.

2. Eit anslag på kor mange år desse avfallsdeponia var i bruk og kva år dei vart avslutta.

Hareidmyrane : frå 1970-talet til 1980-talet

Eidet: frå 1995-2009

3. Eit grovanslag på kor stort kvart avfallsdeponi kan vere i kubikkmeter.

Vi har pr. no ikkje informasjon om kubikkmeter på størrelse.

Hareidsmyrane: **25159 m²** i følgje grunnforurensing.miljodirektoratet.no – usikker størrelse

Eidet: **29597 m²** i følgje grunnforurensing.miljodirektoratet.no - sjølve deponiet berekna til ca 5.400 m² (rapport Asplan Viak)

4. Dersom det er mogleg, ei grovvurdering av kva som er dei dominerande fraksjonane i kvar enkelt fylling / avfallsdeponi.

Hareidsmyrane: ukjent. Ein har funne vedtekter for planlagt bruk frå 1973 som syner til avfall frå m.a. slaktarar, kafear og andre næringsdrivande. Men den faktiske bruken har vi så langt ikkje funne dokumentasjon på.

Eidet: I rapport frå Asplan Viak framgår det at dei dominerande fraksjonane er: restavfall, eternitt/asbestavfall, sandblåsesand og dekkmasser.

5. Dersom det er mogleg, også ei grovvurdering av stabilitet i massene i dei aktuelle deponia.

Ikkje mogleg for oss å gi ei slik vurdering.

Til informasjon har ein også ein analyserapport frå Multiconsult på grunnforureining i samband med bygging av Hadarhallen.

Med vennleg helsing

Aina Giskeødegård Balsnes | konstituert einingsleiar
Kommunalteknikk og VAR
Mobil: 46809625



www.hareid.kommune.no

Fra: Einar Heimdal <einar@reinhaldsverket.no>

Sendt: tysdag 9. mars 2021 09:49

Til: Andreas Chr. Nørve <andreas.chr.norve@heroy.kommune.no>; Fred Arnesen

<fred.arnesen@heroy.kommune.no>; Arne Runar Vik <arne.runar.vik@ulstein.kommune.no>; Harald Øvereng <harald.overeng@ulstein.kommune.no>; Arild Støylen <arild.stoylen@ulstein.kommune.no>; Kai-Rune Bjørke <kai-rune.bjorke@hareid.kommune.no>; Christina Steffenssen <christina.steffenssen@hareid.kommune.no>; Aina Giskeødegård Balsnes <aina.giskeodegard.balsnes@hareid.kommune.no>; Øyvind Vassbotn <Oyvind.Vassbotn@hareid.kommune.no>; Kjell Martin Vikene <kjell.martin.vikene@sande-mr.kommune.no>

Kopi: Trond Arne Aglen <trond.arne.aglen@heroy.kommune.no>; Verner Larsen

<verner.larsen@ulstein.kommune.no>; Kariann Bigseth <kariann.bigseth@hareid.kommune.no>; Anders Norvald Hammer <anders.norvald.hammer@sande-mr.kommune.no>; Bjørn-Halvor Prytz <bjorn-halvor.prytz@heroy.kommune.no>; Knut Erik Engh <knut.erik.engh@ulstein.kommune.no>; Bernt Brandal <bernt.brandal@hareid.kommune.no>; Olav Myklebust <olav.myklebust@sande-mr.kommune.no>; Fulford, George Harold <ghf@fpco.no>; Andrea Sæverud <andrea@reinhaldsverket.no>

Emne: VS: SSR - Deponikartlegging

God føremiddag!

Ei siste påminning om tilbakemelding vedr. deponi i eigarkommunene. Fristen er seinast 18/3-2021. Sjå nedanfor!

Ha ein fin dag vidare!

Mvh

Einar H.

SSR

Fra: Einar Heimdal

Sendt: torsdag 4. februar 2021 09:12

Til: Andreas Chr. Nørve (andreas.chr.norve@heroy.kommune.no) <andreas.chr.norve@heroy.kommune.no>; Fred Arnesen (fred.arnesen@heroy.kommune.no) <fred.arnesen@heroy.kommune.no>; Arne Runar Vik (arne.runar.vik@ulstein.kommune.no) <arne.runar.vik@ulstein.kommune.no>; Harald Øvereng <harald.overeng@ulstein.kommune.no>; Arild Støylen (arild.stoylen@ulstein.kommune.no) <arild.stoylen@ulstein.kommune.no>; Kai-Rune Bjørke (kai-rune.bjorke@hareid.kommune.no) <kai-rune.bjorke@hareid.kommune.no>; Steffenssen, Christina (christina.steffenssen@hareid.kommune.no) <christina.steffenssen@hareid.kommune.no>; Øyvind Vassbotn (oyvind.vassbotn@hareid.kommune.no) <oyvind.vassbotn@hareid.kommune.no>; Kjell Martin Vikene <kjell.martin.vikene@sande-mr.kommune.no>; 'Aina Giskeødegård Balsnes' <aina.giskeodegard.balsnes@hareid.kommune.no>

Kopi: 'Bjørn-Halvor Prytz' <bjorn-halvor.prytz@heroy.kommune.no>; 'Knut Erik Engh' <knut.erik.engh@ulstein.kommune.no>; Brandal, Bernt (bernt.brandal@hareid.kommune.no) <bernt.brandal@hareid.kommune.no>; Myklebust, Olav (olav.myklebust@sande-mr.kommune.no) <olav.myklebust@sande-mr.kommune.no>; Fulford, George Harold <ghf@fpco.no>; Andrea Sæverud <andrea@reinhaldsverket.no>

Emne: SSR - Deponikartlegging

God morgon!

I høve debatten rundt ansvaret for det nedlagde deponiet på Flø i Ulstein, har det kome fram eit ønskje frå eigarkommunene om å framskaffe ei oversikt over nedlagde deponi også i dei andre kommunene. Frå vedtaket i denne saka i representantskapet 5. november 2020, er siste avsnittet kopiert inn her:

«Representantskapet føreset at tiltak som er akutte i forhold til liv og helse (sprekker i austre fylling) vert utbetra omgåande, og at SSR tar ansvar for dette. Eigarkommunene vil framskaffe oversikt over deponi i kvar enkelt kommune. SSR koordinerer denne innsamlinga.»

Sprekkene i austre fylling i deponiet på Flø vart ordna for ein månad sidan, resten skal det greiast ut rundt til neste ordinære møte i representantskapet. Det vi ber kommunene om er følgjande:

1. Ei oversikt over nedlagde avfallsdeponi i kommunene (både offisielle og uoffisielle), inkl. eit kommunekart der deponia er merka av + offisielle / uoffisielle namn på avfallsdeponia.
2. Eit anslag på kor mange år desse avfallsdeponia var i bruk og kva år dei vart avslutta.
3. Eit grovanslag på kor stort kvart avfallsdeponi kan vere i kubikkmeter.
4. Dersom det er mogleg, ei grovvurdering av kva som er dei dominerande fraksjonane i kvar enkelt fylling / avfallsdeponi.
5. Dersom det er mogleg, også ei grovvurdering av stabilitet i massene i dei aktuelle deponia.

Vi set ein frist til torsdag 18. mars 2021 med kome med tilbakemelding (på e-post til underteikna).

På førehand takk!

Ha ei fin veke vidare!

Med helsing
Einar Heimdal
SSR

ULSTEIN KOMMUNE - DEPONIKARTLEGGING

SSR ber i epost 04.02.2021 kommunane om innan 18.03. å skaffe fram:

1. Ei oversikt over nedlagde avfallsdeponi i kommunene (både offisielle og uoffisielle), inkl. eit kommunekart der deponia er merka av + offisielle / uoffisielle namn på avfallsdeponia.
2. Eit anslag på kor mange år desse avfallsdeponia var i bruk og kva år dei vart avslutta.
3. Eit grovanslag på kor stort kvart avfallsdeponi kan vere i kubikkmeter.
4. Dersom det er mogleg, ei grovvurdering av kva som er dei dominerande fraksjonane i kvar enkelt fylling / avfallsdeponi.
5. Dersom det er mogleg, også ei grovvurdering av stabilitet i massene i dei aktuelle deponia.

På vegne av Ulstein kommune har eg fått i oppdrag å utarbeide svar.

Mitt svar kviler på følgjande bakgrunnsmateriale:

1. Informasjon i jubileumsboka «25 år for eit betre miljø»
2. Avfallsplan Hareid-Herøy-Ulstein 1992-1995, datert 10.02.1992
3. Dokument datert 12.11.1993 – Ny grovavfallsplass for Søre Sunnmøre Reinhaldsverk – Søknad om løyve etter §11 i forureiningslova

I SSR si jubileumsbok er det både gitt eit kort riss over den historiske utviklinga innanfor avfallsfeltet i dei ulike eigarkommunane og det er eit eige kapittel om utbygginga på Eidet, jf. Ny avfallsplass frå side 71 og utover. Alle kommunane hadde sine avfallsdeponi for hushaldningsavfall. Hareid på Hareidsmyrane, Herøy ved brannstasjonen og parken i Fosnavåg, Sande hadde Kvernhusdalen og samarbeidde med Herøy om grovavfall på Hidsneset til seint på 1990-talet. I tillegg er det kjent at så seint som på starten av 90-talet kom det rapportar frå landbruket som kunne fortelle at ca 25% av alle gardsbruka hadde eigne fyllingar. Reinhaldsverket kan ikkje ta mål av seg til å rydde opp i dei private fyllingane.

Då Reinhaldsverket vart oppretta i 1980 var §2 – formålsparagrafen utforma slik:

«§2

Selskapet har til formål:

1. Å eige, bygge og drive forbrenningsanlegg for avfall i Saunesmarka i Ulstein. Anlegget skal baserast på varmegjenvinning.
2. Å bygge og drive distribusjonsnett for varmt vatn frå anlegget for sal.
3. Å anlegge og drive fyllplass for slagg frå forbrenningsanlegget i den grad dette er nødvendig. Å drive anlegg for slam og anna avfall (industri- og serviceverksemdar).

Selskapet kan også ta opp til drøfting anna interkommunalt teknisk retta samarbeid i distriktet.»


Bygging og drift av fyllplass var altså eit viktig element i formålsparagrafen til selskapet då det vart stifta. Både Hareid og Herøy avvikla sine fyllingar for ordinært avfall i samband med etableringa, av den naturlege årsak at fyllinga var full. Då Sande kjøpte seg inn i SSR i 01.01.1995, vart Kvernhusdalen nedlagt. Det var en klar og tydeleg avtale på at grovavfallsplassen på Hidsneset framleis skulle nyttast av Sande og Herøy i felleskap utan at den skulle inngå i Søre Sunnmøre Reinhaldsverk sitt ansvarsområde.

Fløstranda avfallsplass sto dermed i ei særstilling mellom avfallsplassane i høve til Reinhaldsverket sitt driftsansvar. Reinhaldsverket hadde både behov for ei reserveløysing i tilfelle driftsstans på forbrenningsanlegget, ein stad å deponere oska og ei løysing for avfallsfraksjonar som ikkje eigna seg for brenning. Etter ønskje frå grunneigarane på Ulstein vart det avklara at Ulstein kommune skulle vere formell avtalepart, men at SSR sto ansvarleg for drifta av plassen. Alle utgifter og inntekter for plassen vart ført over reinhaldsverket sitt rekneskap. Årsaka til at grunneigarane ønska at Ulstein kommune var avtalepart var hovudsakleg at dei ønska seg godtgjering i form av at renovasjonsavgifta vart dekkja. Det var det berre kommunen som kunne gjere den gongen. Samtidig ser vi at reinhaldsverket har oppfylt sin formålsparagraf på ein enkel måte med å gå inn i avtalen Ulstein kommune hadde med grunneigarane på Ulstein.

Det meste av bildemateriale frå Fløstranda frå 1986 og utover låg i SSR sitt arkiv. Nokre av desse er nytta i jubileumboka. Dessverre forstår eg det slik at resten av bildearkivet er vekk.

Det er imidlertid tilgjengeleg nokre gamle flyfoto og kart som viser litt av utviklinga. I tillegg har eg teke ein del bilde i samband med kartlegging av tiltak i strandsona i 2010. 7 av desse er frå Fløstranda.

Flyfoto 1965



Flyfoto 2006



Fløstranda vart i følgje det ein kjenner til, teke i bruk som avfalls plass for Ulstein kommune i 1948. Dei første åra utan spesielle krav. Avfallet vart brennt fram til 1987. Grunneigarane på Ulstein var trass i røykskyene, svært opptekne av at brenninga måtte halde fram for å spare volum. Fløstranda var drifta fram til årskiftet 1994/95 då Eidet restavfallsplass vart teken i bruk. Fylling i steintaket på austsida av fylkesvegen vart godkjent i 1988. Her var det teke ut 10000 m² stein i samband med anleggsarbeid.

Når det gjeld tonnasje til Fløstranda vil nok det variere sterkt frå år til år, der framvekst og svingingar i verftsindustrien er ein viktig faktor. I første generasjon av avfallsplanen for dei dåverande 3 eigarkommunane til SSR er det teke med følgjande utgreiing om Fløstranda:

«3.2.2. Næringsavfall:

Industriavfallet frå Hareid, Herøy og Ulstein går vesentleg til Fløstranda fyllplass. Deler av Herøy fraktar nærings- og grovavfallet til Hidsneset fyllplass i Sande kommune. Herøy kommune har avtale med Sande om felles drift på Hidsneset. Begge desse grovavfallsplassane reknar ein med er oppfylte ca 01.07.93. På Hidsneset vert det deponert om lag 1200 m³ avfall frå Herøy. Dette utgjer om lag 180 tonn. I Fløstranda vart det i 1991 teke imot 8250 m³ som tilsvarar om lag 1200 tonn grovavfall. Avfallsmottaket i Fløstranda fordeler seg med 768 tonn frå verkstadindustrien, 250 tonn frå bygge- og rivingsverksemd, 77 tonn kontor/forretningsavfall, 16 tonn frå private og 96 tonn anna avfall.»

Det er ikkje utenkjeleg at tonnasjen som er omtala i avfallsplanen er representativ for mottaket i steintaket. Då vil du få at 8250 kbm avfall frå 1989 til 1994 utgjer 41000 m³, eller 6000 tonn avfall. Med eit steinuttak på 10000 m³ og fyllingsvolum på 41000 m³ + ein del dekkmasse forstår ein at kompaktoren har gjort god nytte.

Det er noko vanskelegare å rekne seg fram til volumet i fyllinga mot sjøen. Spesielt viser eg då til at avfallet vart brent fram til 1987, at det var relativt lange periodar med driftsstans på forbrenningsanlegget som tilførte store mengder avfall på kort tid, og at det var ein større brann i siste delen av deponiet. Reinhaldsverket har også sjølv hatt god nytte av deponiet til oske og ikkje minst i samband med nedlegging av forbrenningsanlegget då omnar, kjeler, pumper og alt som ein elles måtte få vekk før bygget kunne takast i bruk til garasje vart deponert der. Dette skjedde i 1990/91.

Flyfotoet frå 2006 meiner eg viser at status på den tida var ganske god for heile deponiet i Fløstranda.

Ut frå det som har kome fram på synfaringar, ser ein at det må gjerast tiltak mot sjøen for fyllinga då det er fare for at sjøen riv i kanten av fyllinga og kan gjere den ustabil.

Ulsteinvik, 15.03.2021

Peder Almedal




Avfallsplassar i Ulstein - Fløstranda bos plass

Dato: 15.03.2021

Målestokk: 1:100000

Koordinatsystem: UTM 32N











Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS

MØTEBOK - REPRESENTANTSKAPET

SAK NR R10/21

Møtedato: 20.05.2021

Sakshandsamar: Einar Heimdal

ORIENTERINGSSAK:

Sak R10/21 – Grovavfall inkludert i gebyret?

Saka er foreløpig ei rein orienterings-/statussak på møtet 20. mai 2021.

Søre Sunnmøre Reinholdsverk IKS

MØTEBOK - REPRESENTANTSKAPET

SAK NR R11/21

Møtedato: 20.05.2021

Sakshandsamar: Einar Heimdal

ORIENTERINGSSAK:

Sak R11/21 – Omfanget av næring i selskapet

Saka er foreløpig ei rein orienterings-/statussak på møtet 20. mai 2021.

Søre Sunnmøre Reinholdsverk IKS

MØTEBOK - REPRESENTANTSKAPET

SAK NR R12/21

Møtedato: 20.05.2021

Sakshandsamar: Einar Heimdal

ORIENTERINGSSAK:

Sak R12/21 – Sjølvkostfondet for hushaldningsrenovasjon

Saka er ei rein orienterings-/statussak på møtet 20. mai 2021.

Søre Sunnmøre Reinholdsværk IKS

MØTEBOK - REPRESENTANTSKAPET

SAK NR R13/21

Møtedato: 20.05.2021

Sakshandsamar: Einar Heimdal

ORIENTERINGSSAK:

Sak R13/21 – Orienteringar v/styreleiar og dagleg leiar i SSR

Saka er foreløpig ei rein orienterings-/statussak på møtet 20. mai 2021, der styreleiar og dagleg leiar vil orientere om aktuelle saker.